


---

# NASJONALMUSEET

## ÅRSMELDING 2011

---










# INNHALD

|    |                                    |    |
|----|------------------------------------|----|
| 1  | FORORD FRÅ STYRELEIAREN            | 5  |
| 2  | FORORD FRÅ DIREKTØREN              | 6  |
| 3  | BESØKSTAL OG INNFØRING AV ENTRÉ    | 8  |
| 4  | UTSTILLINGAR                       | 12 |
| 5  | FORMIDLING                         | 30 |
| 6  | BIBLIOTEK OG ARKIV                 | 36 |
| 7  | SAMLINGANE                         | 38 |
| 8  | FORSKING OG UTVIKLING              | 57 |
| 9  | KOMMUNIKASJON                      | 64 |
| 10 | FORRETNINGSDRIFT                   | 68 |
| 11 | ORGANISASJON                       | 70 |
| 12 | BYGNINGAR OG TRYGGLEIK             | 71 |
| 13 | DEN KONGELEGE REISA                | 72 |
| 14 | MUNCH-JUBILEET I 2013              | 74 |
| 15 | NYBYGG PÅ VESTBANEN                | 76 |
| 16 | STØTTESPELARANE TIL NASJONALMUSEET | 78 |
| 17 | ÅRSMELDING FRÅ STYRET              | 80 |
| 18 | ÅRSREKNESKAP                       | 87 |
| 19 | ENGLISH SUMMARY                    | 97 |

*Vi byggjer ei ny framtid for kunsten!*



Det noverande styret i Nasjonal-  
museet blei innsett 15. november  
2008. Etter dryge tre år i arbeid kan vi  
sjå tilbake på ei god utvikling. Den tur-  
bulensen og uvissa som kjenneteikna  
museet fram til 2008, gjorde at styret  
hadde tydelege prioriteringar:

- Få ny og god leing.
- Skape ro slik at dei funksjonane  
Nasjonalmuseet skal fylle i samfunnet,  
blir fylte.
- Skape ei framtid der fleire av innbyg-  
garane og turistane kan nyte godt av  
dei totale samlingane i Nasjonalmuseet.

Vi kan slå fast at Nasjonalmuseet er i  
god driv. Leiinga er fornya, kompetan-  
sen auka og talet på utstillingar stig.  
Ikkje minst vitnar den tilliten Regje-  
ringa har vist ved å gi oss ansvar for  
utforminga av «Den kongelige reise»,  
Regjeringa si gåve til 75-årsdagane til  
kongeparet, om den posisjonen museet  
har i samfunnet.

Noreg nyt godt av god økonomi, og  
styresmaktene våre ser til at kulturen  
har gode rammevilkår.

Nasjonalmuseet er medviten om ansva-  
ret sitt, og heile organisasjonen arbeider  
intens og målbevisst for å sørge for at  
mange fleire menneske – ikkje minst  
ungdom – skal la seg inspirere av sam-  
lingane i det nye Nasjonalmuseet på  
Vestbanen.

Nasjonalmuseet er inne i ei svært posi-  
tiv og spennande utvikling!

Svein Aaser



Styreleiar Svein Aaser

Nasjonalmuseet kan sjå tilbake på 2011 som eit år både med stor utoverretta aktivitet og med betydeleg innsats i å utvikle organisasjonen vidare. Den kunstfaglege aktiviteten var høg, med 13 skiftande utstillingar i Oslo og 38 på vandring i inn- og utland. Både utstillingane og dei andre utoverretta aktivitetane museet har, får stadig meir merksemd i media. Formidlingsaktiviteten er aukande, både når det gjeld omvisingar, atelier for barn og andre arrangement. Med nesten 12 000 verk presenterte i DigitaltMuseum har Nasjonalmuseet teke eit viktig skritt mot ein omfattande presentasjon av samlingane. Arbeidet med å revidere samlingane er også kome eit betydeleg skritt vidare.

Besøkstala for Nasjonalmuseet totalt viser ein liten oppgang for 2011 som følgje av gode resultat frå det landsdekkjande programmet til museet. Visingsstadene i Oslo har ein mindre nedgang. Som følgje av Stortinget sitt vedtak om kulturmomms innførte Nasjonalmuseet entré våren 2011. Dette kan ha hatt betydning for nedgangen i Oslo, men mindre enn frykta.

To store prosjekt prega arbeidet i 2011: Førebuingane til Regjeringa si gåve i høve 75-årsdagane til kongeparet i 2012 gjennom fleire utstillingar med gjenstandar frå dei kongelege samlingane, og samarbeidet med Munch-museet om markeringa i 2013 av at det er 150 år sidan Edvard Munch blei fødd.

I det andre året med ny organisasjon, og no med ei fulltalig leiargruppe på plass, blei det i 2011 lagt ned ein betydeleg innsats i å utvikle institusjonen vidare. Den nye, overordna strategien for åra fram til planlagt innflytting i nytt museumsbygg, blei gjennom året følgt opp med å utarbeide delstrategiar for alle verksemdsområda i museet. Strategi- og organisasjonsutviklingsarbeidet har som mål å samle innsatsen om dei langsiktige oppgåvene, auke konsentrasjonen om dei kunstfaglege kjerneoppgåvene og fremje at vi skal vere til stades i det offentlege rommet.

Nasjonalmuseet erverva i 2011 kunst innanfor dei ulike gjenstandsområda for vel ti millionar kroner. Tyngepunktet låg på samtidskunst, men med betydelege innkjøp også innanfor kunsthandverk, design, eldre kunst og arkitektur. Museet er særleg takknemleg for Louise Bourgeois' installasjon *CELLE VIII*, erverva av Sparebankstiftelsen DNB NOR for langsiktig deponi i museet. Verket kjem til å stå fram som eit av hovudverka innanfor samtidskunst i museet. Satsinga innanfor tysk ekspresjonistisk måleri i tilsvarende samarbeid med sparebankstiftelsen blei også ført vidare i 2011, med fleire betydelege verk.

I arbeidet med å planleggje nybygget på Vestbanen har det vore tett dialog mellom Nasjonalmuseet, Statsbygg og arkitektane med sikte på å ferdigstille forprosjektet våren 2012. Samlokalisering av arkitektane frå firmaet Kleihues + Schuwert med prosjektstaben

frå Statsbygg i Oslo var med på å gjere dette samarbeidet endå meir smidig. I 2011 har dei fleste sentrale elementa ved museumsbygget *forum artis* falle på plass, som utstillingslokale, vestibyle, bibliotek, restaurant, butikk, magasin, verkstader, administrasjon, mediasal og andre formidlingsfunksjonar. Det store arbeidet munnar ut i eit avgjerdsgrunnlag som skal kvalitetssikrast og leggjast fram for Stortinget hausten 2012. Prosjektet har solid støtte og blir følgt opp undervegs av Kulturdepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Eg vil takke styret for det engasjementet og den støtta det har vist for å vidareutvikle Nasjonalmuseet i året som har gått. Ein stor takk blir retta til alle dei tilsette for innsatsen deira. Eg er stolt av det vi har fått til saman, og har store forventningar til ytterlegare framskritt. Som det heiter i den nye strategiske visjonen til museet: Vi byggjer ei ny framtid for kunsten!

Audun Eckhoff





Som følge av Stortinget sitt vedtak om kulturoms i 2010 innførte Nasjonalmuseet inngangspengar i dei fire museumsbygningane i Oslo frå 1. mai 2011. Museet vedtok å innføre ein moderat billettpris, gunstige rabattordningar og éin gratis dag i veka (søndag) for å sikre publikum si tilgjengelegheit til kunsten og samlingane.

### Billettprisar frå 1. mai 2011

Vaksne: kr 50

Student/pensjonist/honnør: kr 30


Barn/unge under 18 år: gratis

Søndagar: gratis for alle

Billetten gjeld for éin dag og gir tilgjenge til Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Nasjonalmuseet – Arkitektur og Kunstindustrimuseet.

Besøktal for Oslo i 2011 var 544 370, noko som er ein nedgang på 5 % i forhold til i 2010. Innføring av entré kan ha hatt betydning for nedgangen i Oslo, men det er for tidleg å konkludere med dette, blant anna fordi det er store variasjonar for alle fire visingsstader gjennom året.

## BESØKSTAL FOR NASJONALMUSEET I OSLO 2007-2011








- (1) Museet for samtidskunst
- (2) Klistremerke utanfor Nasjonalgalleriet etter innføring av entré
- (3) Nasjonalmuseet – Arkitektur

|   |   |
|---|---|
| 1 |   |
| 2 | 3 |

## BESØKSTAL FOR NASJONALMUSEETS LANDSDEKKJANDE PROGRAM 2007–2011



Det låge besøkstalet i Oslo blir meir enn kompensert av auka besøkstal for museet sine vandreutstillingar i Noreg. Det totale besøkstalet for museet sitt landsdekkjande program i 2011 var 155 237, det vil seie ein auke på heile 35% i forhold til i 2010. 17 utstillingar var på vandring til 429 skolar, med 2 102 omvisingar for totalt 56 027 barn og unge. Dette er ein auke i besøkstalet på 3 170 samanlikna med 2010. I galleri-nettverket var 10 utstillingar på vandring med 61 turnéstopp. Det samla besøkstalet her var på 99 210, ein auke på 36 897 samanlikna med 2010.

Totalt besøkstal for Nasjonalmuseet i Noreg var i 2011 i underkant av 700 000. Dette er ein auke på 1,58 % i forhold til 2010.

I 2011 hadde museet også fire utstillingar på vandring i utlandet, med til saman ni turnéstopp. Besøkstalet for museet sine utanlandsutstillingar var i overkant av 65 000. Dette er første gong det blir registrert besøkstal for museet si utstillingsverksemd i utlandet.





|   |   |
|---|---|
| 1 |   |
| 2 | 3 |
| 4 |   |

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design tek vare på den norske kulturarven og inviterer til utfordrende møte med kunst, arkitektur og design. Museet har eit omfangsrikt

utstillingsprogram som også inkluderer vandretstillinger i inn- og utland. I museumsbygningane i Oslo; Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Nasjonalmuseet – Arkitektur og Kunst-

industrimuseet, blir det vist faste utstillinger med verk frå samlingane og nye skiftande utstillinger.

## UTSTILLINGSPROGRAM I OSLO 2011

### Nasjonalgalleriet

**Rubens – van Dyck – Jordaens  
Barokk fra Antwerpen**  
11. februar–22. mai

**Livets dans  
Samlingen fra antikken til 1950**  
Fra 29. april

**Erik Werenskiold (1855–1938)**  
10. juni–11. september

**... Giacometti, Hodler, Klee ...  
Moderne mestere fra Sveits**  
30. september 2011–8. januar 2012

### Kunstindustrimuseet

**Owen Jones og den islamske inspirasjonen**  
30. januar–30. april

**Erik Magnussen – en dansk designpioner**  
20. mai–28. august

**Kunsthåndverk 2011**  
18. september–11. desember

**Stil 1100–1905  
Design og kunsthåndverk 1905–2005  
Draktgalleriene  
Studiesamlinger for glass og keramik**

### Museet for samtidskunst

**Absolutt installasjon**  
14. januar 2011–15. januar 2012

**Nicholas HLOBO:  
skulptur · installasjon · performance · tegning**  
4. mars–29. mai

**Snorre Ytterstad. Squared Target**  
24. juni–18. september

**Kirstine Roepstorff. Formløshetens Wunderkammer**  
23. oktober 2011–19. februar 2012

### Nasjonalmuseet – Arkitektur

**8 x Made in China. Ny kinesisk arkitektur**  
4. februar–10. april

**Spor. Norsk arkitektur 2005–2010**  
6. mai–21. august

**Apex-punktet  
De egyptiske pyramidenes anatomi**  
14. august–6. november

**Byen og Blindern. Universitetet i Oslo 200 år**  
16. september 2011–22. januar 2012

**Høydepunkter fra arkitektursamlingene:  
Arkitektoniske tegninger fra 1800-tallet**  
20. november 2011–11. mars 2012





(1) Frå utstillinga «Livets dans. Samlingen fra antikken til 1950» (2) Frå utstillinga «Erik Werenskiold (1855–1938)» (3) Frå utstillinga «... Giacometti, Hodler, Klee ... Moderne mestere fra Sveits» (4) Frå utstillinga «Rubens – van Dyck – Jordaens. Barokk fra Antwerpen»

|   |   |
|---|---|
| 1 |   |
| 2 | 3 |
| 4 |   |

### Eldre og moderne kunst

Utstillingsprogrammet bestod av to eigenproduserte utstillingar, den eine var ei omfattande nymontering av verk frå samlinga, og den andre presenterte kunstnaren Erik Werenskiold. Det vart vist to utstillingar med utanlandsk kunst i samarbeid med andre institusjonar.

I 2011 blei det for første gong på fleire tiår i Noreg vist ei heil utstilling vgd flamsk barokkmåleri: «Rubens – van Dyck – Jordaens. Barokk fra Antwerpen» (11.2.–22.5.2011). Utstillinga presenterte meir enn førti verk frå Koninklijk Museum voor Schone Kunsten Antwerpen, det fremste museet i verda for flamsk barokkmåleri. Aldri før har dei tre viktige målarane Peter Paul Rubens, Anthonis van Dyck og Jacob Jordaens vore representerte med så mange og så framståande arbeid her til lands. Utstillinga kunne sjåast i samanheng med viktige delar av Christian Langaards samling, som blei skjenkt Nasjonalgalleriet som testamentarisk gåve i 1923. Utstillinga var produsert av Bucerius Kunst Forum i Hamburg. Ho vann gjenklang både hos publikum og i media.

29. april opna nymonteringa av den faste samlinga i Nasjonalgalleriet: «Livets dans. Samlingen fra antikken til 1950». Den kronologisk ordna presentasjonen viser rundt 300 norske og utanlandske verk frå antikken til 1950. Spesielt framheva blir norsk kunst etter 1800 med bilda av J.C. Dahl og romanikken, Christian Krohg og realismen, Edvard Munch sine berømte verk, og det norske stemningsmåleriet rundt 1900.

Utstillinga omfattar også sentrale verk av Édouard Manet, Claude Monet, Paul Cézanne og Pablo Picasso. Det er lagt vekt på å få fram dialogen mellom norsk og internasjonal kunst.

Med nymonteringa blei det også etablert eit prosjektrom for temporære, mindre utstillingsprosjekt av meir eksperimentell karakter. Dette nye formatet blei innleidd med utstillinga «Blyge blick. Adolph Tidemand og Trine Søndergaard» (29.4.–1.11.2011). Her blei portrett av kvinner i folkedrakt frå 1800-talet stilte ut saman med danske samtidsfotografi av kvinner i tradisjonelle hovudplagg og folkedrakter frå Fanø. Tildekking, ikkje berre av hovudet, men også av tankar og kjensler, var eit sentralt tema i utstillinga.

I sommarutstillinga «Erik Werenskiold 1855–1938» (10.6.–11.9.2011) presenterte Nasjonalmuseet ein av dei viktigaste personane i norsk kunst i overgangen frå 1800- til 1900-talet. Utstillinga omfatta måleri, teikningar og eventyrillustrasjonar frå heile kunstnarskapen til Werenskiold. Ho inneheldt, i tillegg til sentrale verk frå museet si samling, også fleire innlånte arbeid frå andre museum og private eigarar i Norden. Utstillinga fekk stor merksemd i pressa og blei godt besøkt.

Hausten 2011 gjesta Kunstmuseum Bern Nasjonalgalleriet med utstillinga «... Giacometti, Hodler, Klee ... Moderne mestere fra Sveits» (30.9.2011–8.1.2012). Presentasjonen bestod av 80 verk og var konsentrert om den sveitsiske kunsten over ein periode på hundre år, der det eldste verket var symbolisten Arnold Böcklins *Kentaurkamp* (1872) og det yngste den konkret-abstrakte kunstnaren Max Bills *Fire doble farger* (1967). Eit høgdepunkt i utstillinga var gruppa av sentrale Ferdinand Hodler-måleri, som inkluderte blant anna *Dagen* (1899) og *Tømmerhoggeren* (1919). Av andre sentrale kunstnarnamn var Paul Klee, Alberto Giacometti, Sophie Tauber-Arp og Félix Vallotton. Utstillinga var eit samarbeidsprosjekt mellom Kunstmuseum Bern, Kunsthalle der Hypo-Kulturstiftung, München, og Nasjonalmuseet.





(1) Kirstine Roepstorff, *Stille Teater*, 2008. Frå utstillinga «Kirstine Roepstorff. Formløshetens Wunderkammer» (2) Frå utstillinga «Nicholas HLOBO: skulptur · installasjon · performance · tegning» (3) Louise Bourgeois, *CELLE VIII* (detalj), 1998. Frå utstillinga «Absolutt installasjon» (4) Snorre Ytterstad, *Knot with an Empty Space*, 2011. Frå utstillinga «Snorre Ytterstad. SQUARED TARGET»

|   |   |
|---|---|
| 1 |   |
| 2 | 3 |
| 4 |   |

## Samtidskunst

Utstillingsprogrammet omfatta tre eigenproduserte utstillingar – den eine presenterte den norske kunstnaren Snorre Ytterstad, den andre tok utgangspunkt i eiga samling og den tredje viste verk av den sørafrikanske kunstnaren Nicholas Hlobo. I tillegg vart den danske kunstnaren Kirstine Roepstorff presentert i samarbeid med Museum für Gegenwartskunst Basel.

I utstillinga «Absolutt installasjon» (14.1.2011–15.1.2012) viste Nasjonalmuseet viktige installasjonar som museet eig. Dette gav eit inntrykk av potensialet i samlinga og dei store ambisjonane som museet har, slik vi føresteller oss at desse kan realiserast i den planlagde nye bygningen til Nasjonalmuseet på Vestbanen. Sjølv om ein innanfor romkunst, «environments» og installasjon finn ein tradisjon frå avantgarden tidleg på 1900-talet, har installasjonen som form først og fremst hatt ei blomstring frå 1980-åra og fram til i dag. Dei utstilte verka viste eit stort mangfald der både teknikkar, materiale og uttrykk varierte.

Utstillinga «Nicholas HLOBO: skulptur · installasjon · performance · tegning» (4.3.–29.5.2011) var den første store skandinaviske presentasjonen av arbeida til den sørafrikanske kunstnaren Nicholas Hlobo (f. 1975). Verka hans oppstår i spenningsfeltet mellom Xhosa-kulturbakgrunnen til kunstnaren, den seksuelle identiteten hans og kulturen i dagens post-apartheid Sør-Afrika. Arbeida krinsar rundt tema som

kjønnsrelasjonar, kulturelle forskjellar og politikk. Han bruker fleire ulike materiale, blant anna resirkulerte, og konstruerer nye visuelle former av høg handverksmessig kvalitet.

Utstillinga «Snorre Ytterstad. Squared Target» (24.6.–18.9.2011) viste ein brei presentasjon av kunsten til den norske biletkunstnaren Snorre Ytterstad (f. 1969). Med ei utforskande og leiken tilnærming skaper han humoristiske, men seriøse og tankevekkjande verk. Utstillinga hadde hovudfokus på produksjonen hans frå 2000-talet, der postkonseptuelt tilsnitt og referansar til avantgardisme var framståande. Både dei nyproduserte og eldre kunstverka hans innanfor installasjon, video og skulptur blei viste. Utstillinga var ein del av ein serie visingar av sentrale yngre norske samtidskunstnarar.

Nasjonalmuseet presenterte kunstnaren Kirstine Roepstorff (f. 1972) med ei omfattande separatutstilling: «Kirstine Roepstorff. Formløshetens Wunderkammer» (23.10.2011–19.2.2012). Roepstorff bruker estetiske teknikkar frå avantgarden, som collage og montasje, og kombinerer dei med neoavantgardistisk appropriasjonskunst frå 1980-åra. Tematikken i desse delvis abstrakte, delvis figurative arbeida strekkjer seg frå det samtidspolitiske til det mystiske, fantastiske og groteske. Arbeida består av tekstil, objekt, papir og ord som er limte, vovne og sydde saman. 47 grantre skapte om Banksalen i Museet for samtidskunst til ein eventyrskog. Hovudverket i utstillinga var den spektaku-

## Nytilsette



**Marthe Tveitan**  
Prosjektleiar, avdeling  
samtidskunst

• *Eg søkte jobb som prosjektleiar i avdeling samtidskunst ved Nasjonalmuseet på bakgrunn av interesse og erfaring med utstillingsproduksjon innanfor samtidskunstheltet.*

• *Høgdepunkta så langt i den nye jobben har vore førebuinga av 2012-utstillingane «Prisme» og «Ufullførte reiser» på Museet for samtidskunst.*

lære installasjonen *Stille Teater* (2008). Utstillinga var eit samarbeid mellom Nasjonalmuseet og Museum für Gegenwartskunst Basel.



- (1) Frå utstillinga «Byen og Blindern. Universitetet i Oslo 200 år»
- (2) Frå utstillinga «Spor. Norsk arkitektur 2005–2010»
- (3) Frå utstillinga «8 x Made in China. Ny kinesisk arkitektur»

|   |   |
|---|---|
| 1 |   |
| 2 | 3 |

## Arkitektur

Utstillingsprogrammet romma to store eigenproduserte utstillingar med tema frå den nære norske historia, to innlånte utstillingar som presenterte internasjonale emne, éin presentasjon med utgangspunkt i eiga samling og éi historisk nettutstilling med aktuell norsk samfunnsrelevans.

Den første utstillinga i 2011, «8 x Made in China. Ny kinesisk arkitektur» (4.2.–10.4.2011), viste nye tendensar i kinesisk arkitektur etter at den økonomiske utviklinga har endra både landet og byggeindustrien drastisk. Utstillinga presenterte åtte kinesiske kontor, valde ut av Deutsches Architektur Museum (DAM) i Frankfurt, som hevdar seg klart på den internasjonale arkitekturscena.

Arkitektonisk kvalitet av internasjonalt format var også utvalskriteria for utstillinga «Spor. Norsk arkitektur 2005–2010» (6.5.–21.8.2011). Ho er den sjuande i ei rekkje av mønstringar som samla har presentert norsk samtidsarkitektur frå 1968 fram til i dag. Ved sida av å diskutere den norske samtidskanonen, peikte utstillinga på trekk ved norsk arkitektur som er viktige i samfunnet. I Hvelvet, det minste utstillingsrommet i museet, blei utdrag frå alle dei seks føregåande utstillingane presenterte. «Spor» gjekk inn som ein del av 100-årsjubileet for Norske arkitekters landsforbund, *Arkitekturens år*.

Den neste store eigenproduksjonen blei gjord i samarbeid med Universitetet i Oslo (UiO) og Statsbygg. Utstillinga «Byen og Blindern. Universitetet i Oslo 200 år» (16.9.2011–22.1.2012) drøfta både realiserte og planlagde universitetsanlegg; plasseringa deira og kva dei har hatt å seie for Oslo – med vekt på utviklinga av campusen på Blindern frå 1920-åra fram til i dag. Eit 325 kvadratmeter stort flyfoto dekte golvet i Ulltveit-Moe-paviljongen. Fotoet viste korleis universitetsanlegga har påverka Oslo som by, og avdekte den samansette urbane karakteren til hovudstaden. Fleire arkitektoniske teikningar, møblar og modellar frå eiga samling og eksterne samlingar blei viste fram for første gong. Internett-konkurransen «Mitt Blindern» og årets pepparkakehuskonkurranse «Arkitektur for fremtidens forskning» tok utgangspunkt i utstillinga.

I kvelvutstillinga «Apex-punktet. De egyptiske pyramidenes anatomi» (14.8.–6.11.2011) formidla NTNU-forskar Ole Jørgen Bryn at planleggingsfasen kan vere avgjerande for korleis egyptarane kunne oppføre dei gigantiske pyramidane sine. Gjennom detaljerte analytiske teikningar og modellar hevdar Bryn at egyptarane i oldtida fann opp moderne prosjektering slik vi kjenner det frå ingeniør- og arkitektfaget i dag.

Høgdepunkt frå samlinga blei viste i kvelvutstillinga «Arkitektoniske tegninger fra 1800-tallet» (20.11.2011–11.3.2012). Blant verka var *Stortingsbygningen* (1857) av Schirmer og von Hanno og *Regjeringsbygningen* (1887) av Lenschow. Sistnemnde blei høgaktuell i samband med terroraksjonen 22. juli og den fornya interessa for historia til regjeringsskvalet. Denne hendinga var også utgangspunktet for produksjonen av nettutstillinga «Erling Viksjø og regjeringsbygningen», som viser fotografi frå bygningen både då han blei oppført, og etter at han blei ferdigstilt i 1959.

Arbeidet med å utvikle ei ny basisutstilling på Nasjonalmuseet – Arkitektur fekk nye impulsar gjennom det internasjonale seminaret «Making the Historical Contemporary», som blei arrangert i samarbeid med Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo.





- (1) Frå utstillinga «Kunsthåndverk 2011»
- (2) Frå utstillinga «Owen Jones og den islamske inspirasjonen»
- (3) Frå utstillinga «Erik Magnussen – en dansk designpioner»

1

2

3

## Design og kunsthåndverk

Utstillingsprogrammet har vore jamt fordelt mellom historisk og samtids norsk og utanlandsk design og kunsthåndverk. Tematikken har spent frå islamskinspirert kunstindustri, til dansk design og norsk kunsthåndverk.

Utstillinga «Owen Jones og den islamske inspirasjonen» (30.1.–30.4.2011) var produsert av Victoria and Albert Museum, London, i samarbeid med Nasjonalmuseet. Den opphavlege utstillinga blei utvida til å omfatte meir kunstindustri frå samlingane i Nasjonalmuseet og viste inspirasjonen heilt opp til vår tid i det norske materialet. Tema for utstillinga var den islamske kunsten sin påverknad på europeisk design og arkitektur frå midten av 1800-talet. Med den britiske designaren, arkitekten og kunstteoretikaren Owen Jones (1809–1874) i fokus viste utstillinga korleis det viktoriaanske designmiljøet, blant anna Christopher Dresser, William Morris og William de Morgan, søkte reform og fornying ved å vende blikket mot islamsk kunst. Med utgangspunkt i islamsk kunst utvikla dei banebrytande teoriar om fargebruk, abstrakt ornamentikk og flatemønster. Den islamske inspirasjonen var ei av dei viktigaste kjeldene til utviklinga av modernismen, og dette fleirkulturelle aspektet har vore viktig for design og kunsthåndverk i Europa dei siste 150 åra.

Utstillinga «Erik Magnussen – en dansk designpioner» (20.5.–28.8.2011) presenterte eitt av dei viktigaste namna innan skandinavisk design i etterkrigstida. Den retrospektive utstillinga blei kura-

tert i samarbeid med designaren sjølv. Ho viste Magnussen sin banebrytande design – frå industriell porselen til plastservise, lamper, møblar og den verdskjende designen hans for Stelton, *Thermokanne* frå 1976. Utstillinga la vekt på Magnussen sine såkalla «shortcuts», som viser korleis han finn den enklaste metoden for å produsere ein gjenstand. Produkta hans er reduserte til så få element som råd, og han utnyttar funksjonen til produktet og det som er mogleg ved produktet, for rimeleg, kvalitetsmessig produksjon. Utstillinga viste korleis Magnussen i 40 år har designa bruksgjenstandar til heimen, det offentlege rommet og arbeidsplassen, og at han stadig held fram med å søkje snarveggar og løyse designoppgåva på høgaste nivå.

«Kunsthåndverk 2011» (18.9.–11.12.2011) er Norske Kunsthåndverkeres juryerte årsutstilling og er blitt vist i Kunstinstituttet dei siste åra. Utstillinga dette året gav ein brei presentasjon av kunsthåndverkfeltet i dag og viste dei nyaste arbeida av norske kunsthåndverkarar innanfor materialgruppene glas, keramikk, tekstil, metall, tre og lær. Tekstil- og smykkekunst var særleg framstående på utstillinga i år, og dei mest oppsiktsvekkjande verka hadde ein klar politisk bodskap. Blant kunstnarane som tok del, valde ein fagjury tekstilkunstnaren Kari Dyrdal til «årets kunsthåndverkar», og ho blei tildelt *Kunsthåndverkprisen 2011* frå Bildende Kunstneres Hjelpefond.

## Nyttilsette



**Nina Frang Høyum**  
Prosjektleiar, avdeling arkitektur

• *Det fine med å jobbe på museum er at det er ein arbeidsplass der ein både kan forske og køyre jekketralle. Difor ønskte eg å arbeide ved Nasjonalmuseet. Eg liker blandinga av det akademiske og det praktiske, og som prosjektleiar kjem eg borti mange av arbeidsområda til museet. Fagfeltet er dessutan uslåeleg interessant: kunst, design, arkitektur, estetikk, historie og samtid. At formidling står så sentralt, er også veldig motiverande – det er 700 000 publikummarar som får glede av resultatet.*

• *Høgdepunkt så langt i den nye jobben har vore å få lov til å bli ein del av det gode miljøet i avdelinga, og å jobbe saman med seriøse, dyktige folk som går opp i oppgåva si – og som i tillegg ler mykje. Og utstillinga «Byen og Blindern». Eg har studert og jobba på Blindern i 15 år. Då utstillinga kom opp, såg eg bygningane i eit nytt lys. Er den trappa i SV-bygget verkeleg så fin? Ei utstilling kan vere som ein buktalar for tidlegare tider, ho set tinga i tale på ein heilt ny måte.*





I 2011 har vi lagt særleg vekt på å gjere synleg og leggje til rette for at Nasjonalmuseet sine vandreutstillingar og kompetansedeling kan bidra til å styrkje kvaliteten på produksjon og formidling av visuell kunst i nettverka våre. Dette inneber at museet har intensivert dialogen med nettverka for å kartleggje behov og bidra med tiltak som svarer på behova. I 2011 vart det arbeidd med utvikling av ein nasjonal ressursbank for visuell kunst innanfor Den kulturelle skolesekken (DKS), <http://dks.nasjonalmuseet.no>, som er ei felles presentasjons- og delingsplattform for Nasjonalmuseet og alle fylkeskommunar. Ressursbanken vil bli lansert på nyåret i 2012. Museet har i 2011 også byrja arbeidet med ei tilsvarende digital plattform for gallerinettverket, med venta lansering vårhalvåret 2012. Les meir om landsdekkjande formidling i kapittel 5 Formidling.

Nasjonalmuseet har heile Noreg som arena og ønskjer å skape kunstopplevingar som gir innsikt, og som grip og begestrar. Utstillingsprofilen i det landsdekkjande programmet skal spegle produksjonane museet har i Oslo. I tillegg skaper vi også aktuelle utstillingar basert på museet sine samlingar eller i samarbeid med eksterne kunstnarar, kuratorar eller institusjonar. Kuratering, formidling og utstillingsdesign blir tett vovne saman for å gi publikum opplevingar som varer lenge etter at utstillinga er avslutta.

Gjennom Den kulturelle skolesekken tilbyr vi produksjonar tilpassa klasserommet. Galleriutstillingane har eit større format og blir viste i kunstforeiningar, kunstnarsenter, fylkesgalleri, kulturhistoriske museum og kulturhus. Profesjonelle kunstformidlarar legg til rette for dialog med eit breitt publikum.

#### DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN

**Totalt 22 utstillingar, inkludert 6 nye produksjonar**

##### Ukens kunstverk

Digital kunstformidling. Om lag 100 verk med formidlingstekstar blir viste på storskjerm i fellesområda på skolane. Pedagogiske oppgåver blir knytte til kvart av kunstverka. Vist på Persbråten videregående skole, Eiketun videregående skole, Gjøvik videregående skole og Olsvikåsen videregående skole. Besøkstal: 2 488, 4 skolar

##### Vi er de andre

Produksjon og turné  
I formidlinga av utstillinga står framandfrykt og vi/dei-tematikk sentralt. I science fiction kan oppdikta vesen brukast for å stille spørsmål om kva det vil seie å vere eit menneske. Med Adolph Denis Horn (N), Katrin Plavčak (AUT) og André Kuenzy (SUI).  
Vist i Hordaland.  
Besøkstal: 1 327, 12 skolar, 52 omvisingar

#### Oslo by Night II

Turné

Videoinstallasjon av Victor Lind om jødeaksjonen 26. november 1942, då 532 norske jødar blei henta frå heimane sine om natta og frakta med skipet Donau til Auschwitz. Berre elleve av dei returnerte til Noreg etter 1945. Vist i Rogaland. Besøkstal: 1 119, 4 kulturskolar, 54 omvisingar

#### Not me, not not me

Turné

Electropop-performance. Performansekunstnaren Jennie Hagevik Bringaker i samarbeid med songar og artist Nils Bech og saksofonist Bendik Giske. Samarbeidsprosjekt med Rikskonserterne. Vist i Vest-Agder. Besøkstal: 3 033, 18 konsertar, 15 skolar

#### Broer

Turné

Opplev arkitektur gjennom ein presentasjon av brua som berande konstruksjon og som del av dei bygde omgivingane våre. Utstillinga består av tre frittstående brumodellar forma ut som byggjesett. Elevane monterer/byggjer bruer, som dei etterpå bruker når dei kryssar ei «elv». Gjennom lek og praktisk oppgaveløysing i utstillinga får elevane auka interesse og forståing for bruer og andre bygde konstruksjonar i lokalmiljøet sitt. Vist i Vestfold. Besøkstal: 2 290, 17 skolar, 112 omvisingar





### **Atelier Spook**

Turné

Workshop om motedesignaren Per Spook. Klasserommet blir gjort om og gjenskaft til eit motestudio i Per Spooks ånd. Elevane jobbar i workshop med klede på modellar. Motestudioet får også plass til ein liten catwalk.

Vist i Telemark.

Besøktal: 3 035, 16 skolar,  
121 omvisingar

### **Utopi og fantasi**

Turné

Framtidsvisjonar innanfor arkitektur. Arkitekturutopiane blir viste i modellar, utfyllande bilete og tekstar som skildrar utopiane sine visjonar for eit betre liv. Vist på Romsdalsmuseet i Molde og i Østfold.

Besøktal: 1 596, 12 skolar og 1 museum,  
66 omvisingar

### **Den tredje dimensjonen**

Turné

Utstillinga viser skulpturar som ikkje uttrykkjer det tradisjonelle figurative motivet. Dei er såkalla postmoderne skulpturar som ofte inneheld kvardagslege element både i materiale og teknikk. Vist i Akershus og Vest-Agder.

Besøktal: 3 209, 20 skolar,  
141 omvisingar

### **Finn din Grosch**

Turné

Utstilling og workshop om den første arkitektutdanna arkitekten i Noreg, Christian Heinrich Grosch (1801–1865). Vist i Nord-Trøndelag.

Besøktal: 1 512, 9 skolar, 35 omvisingar

### **Muorrajurdagat**

Turné

Fem kunstnarar med tilknytning til samisk kunst og kultur set spørsmålsteikn ved berekraftig utvikling, tradisjon, tidsaspekt, materialitet og forholdet vårt til naturen. Vist i Sør-Trøndelag.

Besøktal: 1 820, 23 skolar,  
59 omvisingar

### **Da fjellet ble oppdaget**

Turné

Kosmorama med landskapsprospekt av Johannes Flintoe. Vi følgjer Flintoe på ei fargerik reise til Vestlandet i romantikkens tidsalder. Samarbeid med Statens kartverk. Vist i Hordaland.

Besøktal: 3 289, 21 skolar,  
137 omvisingar

### **Det lille galleri III**

Turné

Collagearbeid der kunstnaren Elise Storsveen har henta utklippmateriale frå ulike kjelder og klipt, montert og fundert seg fram til fem bilete. Vist på kulturskolar i Rogaland.

Besøktal: 1 507, 9 skolar, 85 omvisingar

### **Designjungelen**

Turné

Verk frå dei nederlandske kunsthåndverkarane Kleinepijper & TTVo. Elevane får ta på, lukte og sitje på, og på andre måtar ta installasjonen i bruk. Iscene-sette miljø set søkjelys på omgivnadene våre og korleis dei er forma ut. Vist i Telemark, Barnas kulturhus i Bergen og Hedmark.

Besøktal: 5 811, 41 skolar,  
279 omvisingar.

### **Arkitektens valg**

Turné

I møtet med utstillinga skal elevane bli inspirerte av og kjende med nokre av dei mest banebrytande museumsbygningane i verda. Eit byggjesett av utstillingspaviljongen Sverre Fehn (1924–2009) teikna for Nasjonalmuseet – Arkitektur, i målestokk 1:25, stimulerer nysgjerrigheita til elevane kring arkitektur og arkitekturprinsippa. Vist i Akershus og Sogn og Fjordane.

Besøktal: 2 922, 71 skolar,  
135 omvisingar

### **Grete Prytz Kittelsen**

Turné

Utstillinga introduserer elevane for ein av dei fremste formgivarane i Norden – Grete Prytz Kittelsen (1917–2010).

I møte med kvalitetsdesign vil vi aktivisere det visuelle miljøet i skolen. Kanskje kan vi vekkje til live noko som er blitt mindre viktig, som ingen lenger ser? Vist i Buskerud, Hedmark og på Karmøy.

Besøktal: 7 998, 67 skolar,  
316 omvisingar

### **Sven Pålsson. Bending Water**

Turné

Med avanserte dataanimasjonar er Sven Pålsson ein av få nordiske kunstnarar som har ei sentral plassering innanfor den såkalla hypermodernismen. Videoverk med ein projeksjon. Vist i Oppland, Akershus og Barnas kulturhus i Bergen.

Besøktal: 3 854, 21 skolar,  
138 omvisingar

### Laget i verden

Produksjon og turné

Utstillinga er ei reise i verda, konkretisert gjennom smykkeobjekt laga av kunstnarar frå seks verdsdelar. «Laget i verden» fokuserer på det opphavlege og på mangfald. Vist i Østfold og Oppland. Besøkstal: 8 967, 66 skolar, 354 omvisingar

### Skrift

Utstillinga er pensjonert frå turnéverksemd, men har vore plassert på Deichmanske bibliotek, avdeling Bjørnholt skole i Oslo. Besøkstal: 250

### Eventyrskatten. Erik Werenskiolds og Theodor Kittelsens illustrasjoner til Asbjørnsen og Moes folkeeventyr

Produksjon

I utstillinga presenterer vi eit høgdepunkt i norsk illustrasjonskunst. Ved hjelp av rørslebilette, musikk og eventyrforteljing møter elevane Oskeladden, prinsesser, fantastiske dyr og trolske skapningar. Elevane blir utfordra til å sjå samanhengar mellom teikning og forteljing.

### Kryp, køntri og Space-Invaders

Produksjon

Elevane blir førte inn i den kreative verda til Arne & Carlos. Utstillinga gjenskaper atelieret deira, fylt med inspirasjonsgjenstandar, og elevane får ei innføring i og forståing for designprosessen deira. Samarbeid med DogA.

### Multipler

Produksjon

Med installasjonsbasert kunst i skolelokala får elevane ny forståing for stadspesifikk kunst. Engasjementet blir styrkt ved at elevane tek del i utstillinga. Kunstverka utfordrar, skaper merksemd og tilfører nye historier til kjende stader og gjenstandar på skolen. Med verk av Åsil Bøthun, Lars Kjemphol, Kristina Bræin, John Raustein, Kari Steihaug, Cathrine Dahl og Ørjan Aas.

### Snøkult

Produksjon

Workshop over to dagar der eit interaktivt multitouch-bord står sentralt. Elevane skal prøve seg som arkitektar og forme ut og presentere eit nytt kulturhus i nærmiljøet sitt. Arkitektkontoret Snøhetta er inspirasjonskjelde for dei digitale og analoge arbeidsmetodane som blir brukte. «Snøkult» er resultatet av eit forskings- og utviklingssamarbeid mellom InterMedia, Universitetet i Oslo, Snøhetta og Nasjonalmuseet.

### Konge uten krone

Produksjon

Bilete frå Slottet si fotosamling. Gjennom utstillinga får elevane eit unikt innblikk i ein liten del av denne samlinga. «Konge uten krone» er ein del av utstillingsprosjektet «Den kongelige reise» – regjeringa si gåve til 75-årsdagene til kongeparet.

### Nytilsette



**Ida Strøm-Larsen**  
Turné- og prosjekt-  
koordinator, avdeling  
landsdekkjande program

• *Stort fagleg miljø, dyktige kollegaer og ein stor variasjon av fagområde fekk meg til å velje Nasjonalmuseet som arbeidsplass. Eg ønskte å vere med på flytteprosessen til Vestbanen, eg har tru på den vegen museet går, og eg har ønskt å jobbe med det landsdekkjande programmet til museet der eg får snuse på mange forskjellige kunstfaglege område i same stilling.*

• *Høgdepunktet så langt i den nye jobben var å opne utstillinga «Eg er det tilfeldige sin plan og meitemarken si reise. Kurt Johannessen: teikningar, performance og artist's books» i Lærdal. Dette var den første utstillinga der eg har vore prosjektleiari frå starten - veldig spennande å sjå ho bli «sett ut i livet».*

## NETTVERK GALLERI

**Totalt 14 utstillinger,  
inkludert 4 nye produksjonar**

### **Norwegian Wood – et laboratorium**

Turné

Prosjektet skildrar den største satsinga på miljøvenleg og framtidretta trearkitektur i Noreg nokosinne. Vist i Østfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Møre og Romsdal.

Besøktal: 14 745, 5 stopp, 399 omvisingar

### **Grete Prytz Kittelsen**

#### **Emalje og design**

Turné

Grete Prytz Kittelsen (1917–2010) er kalla Scandinavian Design-dronninga. Ho blir rekna blant dei viktigaste formgivarane i Norden og har meir enn nokon vore med på å rette merksemd mot norsk design. Vist i Rogaland, Buskerud, Vestfold, Østfold, Møre og Romsdal og Finnmark.

Besøktal: 7 530, 9 stopp, 97 omvisingar

### **Maputo: A Tale of One City**

Turné

Utstillinga tek utgangspunkt i hamnebyen Maputo i Mosambik og presenterer kunstnarar som på ulikt vis relaterer seg til byen og dei komplekse identitetane i han. Utstillinga var ein del av prosjektet «Afrika i Oslo» i 2009. Vist i Finnmark, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland.

Besøktal: 3 968, 4 stopp, 88 omvisingar

### **Norway Says 10**

Turné

Utstillinga blei laga i samband med tiårsjubileet til den framgangsrike designgruppa. Nyskapande møblar, lamper, tekstilar, bruksgjenstandar og industrideign blir presentert. Vist i Møre og Romsdal, Østfold, Nordland, Nord-Trøndelag og Aust-Agder.

Besøktal: 5 303, 6 stopp, 144 omvisingar

### **Rolf Nesch – en grafiker utenom allfarvei**

Turné

Nesch er ein sentral og særprega kunstnar i norsk og internasjonal grafikkhistorie. Ein stor del av den varierte og omfangsrike produksjonen hans er prega av ei eineståande evne til å skape nye uttrykk ved å bruke uortodokse materiale og metodar. Vist i Rogaland, Buskerud og Nordland.

Besøktal: 5 095, 3 stopp, 72 omvisingar

### **Sven Pålsson. Bending Water**

Turné

Med sine avanserte dataanimasjonar er Sven Pålsson ein av få nordiske kunstnarar som har ei sentral plassering innanfor den såkalla hypermodernismen. Videoverk med to projeksjonar. Vist i Nordland, Oppland, Hordaland, Oslo, Akershus, Nord-Trøndelag og Vestfold. Besøktal: 10 440, 9 stopp, 120 omvisingar

### **George Osodi Oil Rich N&N**

Turné

I utstillinga samanliknar den nigerianske fotografen George Osodi norsk og nigerianske oljeindustri. Osodi er oppteken av miljøspørsmål og kvar-dagslivet der oljeproduksjonen går føre seg. Utstillinga var ein del av prosjektet «Afrika i Oslo» i 2009. Vist i Finnmark, Troms, Nordland, Vestfold, Østfold, Aust-Agder og Sør-Trøndelag.

Besøktal: 9 465, 13 stopp, 127 omvisingar

### **Marimekko – mote og design**

Turné

Utstillinga er inspirert av den internasjonale vandreutstillinga med same namn, laga av Designmuseo i Finland og vist i Nasjonalmuseet våren 2010. Utstillinga viser klede og tekstilar frå dei første tre tiåra til firmaet og har hovudmerksemda retta mot den perioden som mange ser på som gullalderen for Marimekko – 1960-åra. Vist i Akershus, Vestfold, Nord-Trøndelag og Rogaland.

Besøktal: 13 766, 5 stopp, 103 omvisingar

### **Eg er det tilfeldige sin plan og meitemarken si reise.**

### **Kurt Johannessen: teikningar, performance og artist's books**

Turné

Johannessen bruker teikning som fysisk, konseptuelt og humoristisk verkemiddel både i dei innramma verka og performancane som utstillinga byr på. Vist i Sogn og Fjordane og Aust-Agder. Besøktal: 338, 2 stopp, 20 omvisingar





### **Kunsthåndverk 2010 – et utvalg**

Produksjon og turné

Utstillinga tek utgangspunkt i «Kunsthåndverk 2010», årsutstillinga for Norske Kunsthåndverkere, som blei vist i Kunstindustrimuseet hausten 2010. Utstillinga omfattar glas, keramikk, tekstil, tre og metall og gir ein brei presentasjon av utviklinga i feltet. Vist i Nordland, Nord-Trøndelag, Rogaland, Vestfold og Hordaland.

Besøkstal: 28 560, 5 stopp, 85 omvisingar

### **Arne & Carlos. Eit ferdaminne**

Produksjon

Utstillinga samanfatar delar av produksjonen til designarduoen Arne & Carlos innanfor motedesign, og inkluderer dreiinga mot bokproduksjon der dei fokuserer på strikk. Samarbeid med DogA.

### **Eventyrlig. Gamle fortellinger i ny drakt**

Produksjon

Markering av 200-årsjubileet for Peter Christen Asbjørnsen (1812–1885). Utstillinga er inspirert av museet si eiga samling av eventyrteikningar, som knytast opp mot samtidige kunstnarar sine visuelle tolkingar av folkeeventyra.

### **SPOR. Norsk arkitektur 2005–2010**

Produksjon

Utstillinga presenterer eit utval av det beste som norske arkitektar har produsert dei siste åra. Ho dokumenterer, summerer opp og identifiserer tendensar og det særne norske.

### **Den lengste reisen (1940–45)**

Produksjon

Utstillinga handlar om kongefamilien sitt lengste utanlandsopphald i perioden 1940–45. Med bakgrunn i Slottet sine samlingar formidlast kongefamilien si flukt gjennom landet i 1940, det påfølgjande eksiltilværet i USA og England og heimkomsten i 1945. «Den lengste reisen (1940–45)» er ein del av utstillingsprosjektet «Den kongelige reise» – regjeringa si gåve til 75-årsdagen til kongeparet i 2012.

(1) Jensen & Skodvin, *Juvel landskapshotell*, ferdigstilt 2010. Frå utstillinga «Contemporary Norwegian Architecture # 7»  
 (2) Snøhetta, *Ras al Khaimah Gateway Project*. Frå utstillinga «Snøhetta. Architecture – Landscape – Interior»

Det er stor interesse for norsk arkitektur i utlandet. I samarbeid med Utanriksdepartementet har Nasjonalmuseet vist fleire utstillingar som har vore med på vekkje denne interessa. I 2011 vart den nyproduserte utstillinga «Contemporary Norwegian Architecture # 7» vist for første gong ved Arkitekturbiennalen i São Paulo. Derfrå går utstillinga til Havanna, der ho blir presentert i Basilica Menor de San Francisco de Asis på nyåret 2012. Utstillinga «Snøhetta. Architecture – Landscape – Interior» heldt fram på vandringa si i Europa gjennom heile året, mens både utstillinga «Architect Sverre Fehn. Intuition – Reflection – Construction» og utstillinga «Kristin Jarmund Architects – Selected Works» blei avslutta i 2011.

I tillegg til vandreutstillingane har Nasjonalmuseet saman med Arkitekturmuseum i Stockholm og Finlands arkitekturmuseum ansvaret for den nordiske utstillinga ved Arkitekturbiennalen i Venezia. I 2011 forhandla Nasjonalmuseet og dei nordiske samarbeidspartnarane fram ein samarbeidsavtale som avklarar roller og ansvar. For biennalen i 2012 har Finlands arkitekturmuseum kurator- og prosjektleiarsvaret. Nasjonalmuseet tek over dette mandatet i 2014, og stafettpinne blir overlevert til Arkitekturmuseum i Stockholm igjen i 2016. Utanriksdepartementet og Nasjonalmuseet går saman om finansieringa av dei norske utstillingsbidraga.

### Contemporary Norwegian Architecture # 7

Utstillinga blei i 2011 produsert som den internasjonale vandreversjonen basert på utstillinga «Spor. Norsk arkitektur 2005–2010». Ho blei vald ut som Noreg sitt bidrag til nonaBia, den niande arkitekturbiennalen i São Paulo. I 2012 og 2013 skal utstillinga visast fleire stader i Europa. Katalog frå Nasjonalmuseet følgjer utstillinga.  
 Besøktal: 38 800

Visingsstader: 1.11.–4.12.: Brasil, São Paulo, Arkitekturbiennalen

### Snøhetta

#### Architecture – Landscape – Interior

Vandreutstillinga er basert på Snøhetta-utstillinga som blei vist i Nasjonalmuseet – Arkitektur sommaren 2009. Den første visinga av utstillinga var i New York i 2010. Utstillinga held fram vandringa i Europa i 2012 og Midtausten i 2013.  
 Besøktal: 19 200

Visingsstader:

21.01.–20.02.: Spania, Madrid, Fundación COAM  
 04.03.–24.04.: Portugal, Lisboa, Museu de Electricidade, Fundação EDP  
 06.05.–20.06.: Tyskland, Hamburg, Freie Akademie der Künste  
 08.07.–14.08.: Italia, Roma, Museo d'Arte Contemporanea Roma (MACRO)  
 03.09.–02.10.: Danmark, København, Kunstakademiets Arkitektskole  
 14.10.–20.11.: Polen, Wrocław, Museum of Architecture

### Architect Sverre Fehn. Intuition – Reflection – Construction

Sverre Fehn er den norske arkitekten som er mest etterspurd i utlandet. Utstillinga var opningsutstilling då Nasjonalmuseet – Arkitektur opna i 2008, og er den andre av to store Fehn-utstillingar som turnerer internasjonalt. Katalog frå Nasjonalmuseet følgde utstillinga.  
 Besøktal: 5 810

Siste visingsstad:

–20.02.: Belgia, Brussel, BOZAR

### Kristin Jarmund Architects – Selected Works

Utstillinga blei laga i samband med bokutgivinga om arbeida til Kristin Jarmund i 2008 og har vandra i Amerika og Europa.  
 Besøktal: 1 626

Siste visingsstad:

15.01.–13.02.: Italia, Foligno, Palazzo Trinci





**F**ormidlinga ved Nasjonalmuseet legg til rette for inspirerende og utdjupande møte mellom utstillingane og publikummet vårt. Til kvar utstilling i Oslo følgjer eit tilpassa formidlingsprogram.

Det landsdekkjande programmet til Nasjonalmuseet sender utstillingar til kunstinstitusjonar (Nettverk galleri) og skolar (Den kulturelle skolesekken) i heile landet. Formidlinga i det landsdekkjande programmet består av omvisingar, formidlingsbrosjyrar og lærarrettleiingar, og workshops til fleire av utstillingane i nettverk skole.

#### FORMIDLINGSPROGRAM RETTA MOT VAKSNE

Arrangementsprogrammet i Nasjonalmuseet sine fire museumsbygningane i Oslo; Nasjonalgalleriet, Kunstindustrimuseet, Museet for samtidskunst og Nasjonalmuseet – Arkitektur, består av blant anna opne omvisingar, foredrag, seminar, konsertar, danseframføringar, performancar, filmvisingar, forelesingar og debattar. Tekstleg blir utstillingane formidla gjennom formidlingsbrosjyrar, veggtekstar og katalogar. Til nokre utstillingar tilbyr vi audioguidar.

Utstillingar produserte av Nasjonalmuseet blir sende ut gjennom Nettverk galleri, til visingsstader i heile Noreg. I 2011 blei ti slike utstillingar viste i museum, kunstforeiningar, kunstsenter, fylkesgalleri og liknande. Nasjonalmuseet lærer opp lokale formidlarar til kvar enkelt utstilling.

#### Faste omvisingar

Kvar søndag heile året har vi opne omvisingar på norsk i museumsbygningane i Oslo, i juli og august også på engelsk. Til enkelte utstillingar arrangerer vi omvisingar også på andre vekedagar. I 2011 blei det halde til saman 314 opne omvisingar. I Nasjonalmuseet sine vandreutstillingar blei det halde om lag 660 omvisingar retta mot vaksne.

Det blei halde 42 foredrag og seks heildags fagseminar knytte til utstillingane i Oslo. Eitt av desse var tverrfagleg, basert på utstillingane «Nicholas HLOBO: skulptur · installasjon · performance · tegning» i Museet for samtidskunst og dei faste utstillingane i Kunstindustrimuseet. Eit anna tverrfagleg arrangement var *Barokkhelg* med omvisingar, konsert og foredrag i Nasjonalgalleriet og i Kunstindustrimuseet knytt til utstillinga «Rubens – van Dyck – Jordaens. Barokk fra Antwerpen.»

I Kunstindustrimuseet blei to workshops arrangerte knytte til utstillinga «Owen Jones og den islamske inspirasjonen» og to til «Kunsthåndverk 2011».

I tilknytning til aktuelle utstillingar blei det arrangert fire seminar og to atelierkurs retta mot lærarar og førskolelærarar.

#### Andre formidlingstilbod

Tidsskriftet *Kunst og Kultur* markerte hundreårsjubileet sitt med eit seminar i Nasjonalgalleriet. Det blei også arrangert eit seminar om kunsten til Edvard Munch. Seminaret «Manet's *View of the*

*1867 Universal Exposition*» utdjupa eit Manet-verk frå samlinga i Nasjonalmuseet og fagfeltet målerikonservering. Hausten 2011 starta *Afternoon Talks*, ein foredrags- og paneldebattserie for diskusjon om kva forhold samtidskunsten har til samfunnsrelaterte problemstillingar. Gjennom året blei det arrangert elleve musikkframføringar, tre av desse i samband med Oslo Griegfestival på sommaren. Inspirert av utstillinga «Livets dans. Samlingen fra antikken til 1950» urframførte komponist Wolfgang Plagge den eigenkomponerte operaen sin *Livets dans* i utstillinga med same namn. Den Norske Opera & Ballett viste utdrag frå to av ballettframsyningane sine. Det blei arrangert danseframføringar i utstillinga «Livets dans. Samlingen fra antikken til 1950», mellom anna ved Norges Dansehøyskole, og performance knytt til utstillinga «Nicholas HLOBO: skulptur · installasjon · performance · tegning».

#### FORMIDLING RETTA MOT BARN OG UNGDOM

Nasjonalmuseet legg stor vekt på å formidle kunst, arkitektur og design til barn og unge. Dei fleste i denne publikumsgruppa besøkjer Nasjonalmuseet saman med skoleklassen eller barnehagegruppa og er med på omvisingar, arkitekturvandringar eller omvisingar med atelierbesøk. I visingsstadene til Nasjonalmuseet i Oslo blei det halde 1183 omvisingar og arkitekturvandringar for barn og unge.









Formidlingstilbod retta mot skolar og barnehagar blir melde i forkant av kvart skolesesemester til Oslo-skolane og museet sine lærarkontaktar i heile landet.

Det landsdekkjande programmet til Nasjonalmuseet sender utstillingar gjennom Den kulturelle skolesekken (DKS) til skolar i heile landet. Formidlarrar følgjer utstillingane. I 2011 blei det sendt ut 22 utstillingar gjennom DKS, og det ble halde til saman 2 102 omvisingar, ofte kombinerte med workshop. Det er også mogleg for skoleklassar og barnehagegrupper å få omvising i utstillingane i gallerinettverket. I 2011 blei det halde om lag 500 omvisingar for skoleklassar i desse utstillingane.

### Særleg tilrettelagde tilbod

Nasjonalmuseet har gjennom fleire år arrangert særleg tilrettelagde tilbod for skoleklassar og barnehagegrupper i tillegg til dei ordinære omvisingane. Eit slikt tilbod er dei såkalla bumerang-omvisingane i Museet for samtidskunst, der gruppene besøkjer museet to gongar årleg. Omvising kombinerast med atelieraktivitetar – med attkjenning og fortrulegheit som stikkord.

For dei minste barna har Kunstindustrimuseet utarbeidd eit samarbeid med barnehagar gjennom prosjektet *Stol på meg*, der stolar er i fokus. Kunstindustrimuseet vidareførde også i 2011 formidling til dei aller yngste (barn frå to til fire år), som blei utarbeidd året før.

I Nasjonalgalleriet og Museet for samtidskunst er tilrettelagd formidling retta mot ungdomsskolen og vidaregåande skole ført vidare i 2011. *I Munchs verden – kunstformidling til ungdom og bruk av ny teknologi* var eit slikt tilbod i Nasjonalgalleriet. Ungdommar kunne her gå i dialog med kunsten til Edvard Munch ved hjelp av digitale verktøy og sosiale medium. I prosjektet *Inn i bildet* har elevar frå Elvebakken skole seks årlege besøk i Nasjonalgalleriet der fokus er kunstverk i utstillinga «Livets dans. Samlinga frå antikken til 1950». I Museet for samtidskunst laga elevar frå to vidaregåande skolar performance under profesjonell leiing i samband med utstillinga «Nicholas HLOBO: skulptur · installasjon · performance · tegning».

Nasjonalmuseet – Arkitektur inviterte også i 2011 til pepparkakehuskonkurranse for folk i alle aldrar. Temaet *Livsvitenskap* var knytt til utstillinga «Byen og Blindern. Universitetet i Oslo 200 år». I forkant av pepparkakebakinga kunne skoleklassar melde seg på omvising i utstillinga og modellbygging i atelieret. Konkurransen ble avslutta med utstilling og prisutdeling. Nasjonalmuseet – Arkitektur fekk også mange skoleklassar frå femte til tiande trinnet på besøk gjennom prosjektet *Arkitektur for fremtidens forskning* knytt til Byen og Blindern-utstillinga. Prosjektet var eit samarbeid med UiO og DKS i Oslo. Det blei arrangert omvisingar og atelieraktivitetar der elevane arbeidde med modelar i målestokk for eit bygg for forskning i framtida.

### Tilbod til barnefamilier

Kvar søndag i haust- og vårsesongen blir det halde omvising med atelier for barn i følge med vaksne. Omvisingane alternerer mellom Nasjonalmuseet sine fire museumsbygningar i Oslo. Våren 2011 arrangerte museet tysdagsomvisingar for nybakte foreldre med baby på magen.

Barnekunstklubben Griffen rettar seg mot barn i alderen fem–ti år. Griffen hadde i 2011 seks møte. På våren var det tre møte i Museet for samtidskunst, der utstillinga «Absolutt installasjon» blei grundig utforska. På hausten blei møta arrangerte i Nasjonalgalleriet, der det blei teke utgangspunkt i utstillingane «Livets dans. Samlingen fra antikken til 1950» og «... Giacometti, Hodler, Klee. Moderne mestere fra Sveits ...».

I juli og august stod atelierne i museumsbygningane opne på søndagar med rettleiar til stades. Mange barn, unge og også vaksne brukte dette tilbodet.

### FORMIDLING TIL UTVALDE GRUPPER

Nasjonalmuseet har sidan 2010 hatt eit samarbeid med Torshov transittmottak. Herfrå kjem bebuarar, vaksne og barn, til Kunstindustrimuseet for atelieraktivitetar og omvising og samtale i den faste utstillinga «Stil 1100–1905». I Museet for samtidskunst har vi hatt omvisingar og andre typar formidlings-tilbod på polsk retta mot det polske miljøet.

(1) Ensemblet Canvas dansar i utstillinga «Livets dans» i Nasjonalgalleriet, Oslo kulturnatt 2011 (2) Tea Time i Kunstindustrimuseet (3) Atelieraktivitetar i Kunstindustrimuseet (4) På byen med arkitekt Pål Henry Engh i utstillinga «Byen og Blindern» i Nasjonalmuseet – Arkitektur, Oslo kulturnatt 2011

|   |   |
|---|---|
| 1 |   |
| 2 | 3 |
|   | 4 |

I samband med utstillinga «Owen Jones og den islamske inspirasjonen» blei det invitert til *Tea Time* i Kunstindustrimuseet i samarbeid med Antirasistisk Senter. Tea Time-kampanjen deira er ein kampanje der norske muslimar inviterer ikkje-muslimar heim på te.

I 2011 gjekk Nasjonalmuseet inn i prosjektet *Møte med minner* – eit formidlingstilbod for personar med demens. Prosjektet er eit samarbeid mellom Nasjonalmuseet, GERIA, Oslo kommune sitt ressurscenter for demens/alderspsykiatri, Oslo Museum avd. Bymuseet, Norsk Telemuseum og Norsk Teknisk Museum. Det vart arrangert ein nasjonal konferanse 23.–24. mai 2011 i Oslo med temaet: *Tilbud og ansvar for marginaliserte grupper, museene som erindringsarena for personer med demens*. Under konferansen presenterte to representantar frå MoMA, Museum of Modern Art, New York, sitt banebrytande Alzheimer-prosjekt *Meet Me at MoMA* – med galleridemonstrasjon for deltakarane i Nasjonalgalleriet. Det vart halde fleire omvisingar for demente i den faste utstillinga i Nasjonalgalleriet, og dette er no eit fast formidlingstilbod i Nasjonalmuseet.

#### SAMARBEID MED UTDANNINGS- INSTITUSJONAR

Nasjonalmuseet har samarbeidd med lærarutdanninga i estetiske fag ved Høgskolen i Oslo og Akershus gjennom fleire år. Som del av utdanninga får lærarstudentar på andre året kvar haust bruke utstillingane og atelierane ved

museet i praksisen sin med skoleelevar. I 2011 gjaldt dette sjetteklassingar frå Ruseløkka skole. Formidlarane ved museet står til rådighet for studentane for innspel og rettleiing. Som avslutning på prosjektet blir det invitert til ei samling der elevane underheld og viser ferdighetene sine som kunstformidlarar.

Prosjektet *I Munchs verden – kunstformidling til ungdom og bruk av ny teknologi* var eit resultat av eit samarbeid over fleire år mellom Nasjonalmuseet og InterMedia ved UiO. InterMedia har også vore involvert i utarbeidinga av workshopen «Snøskult», som blir tilboden til skolar gjennom Nasjonalmuseet sitt landsdekkjande program.

Nasjonalmuseet har gjennom det landsdekkjande programmet eit nært samarbeid med DKS gjennom fylkesnettverket og Nettverk for nasjonale aktørar. Museet samarbeider også med Kulturskolerådet og tek del i Mangfaldsnettverket.

#### OSLO KULTURNATT

Alle museumsbygningane til Nasjonalmuseet i Oslo, med tilhøyrande museumsbutikkar og -kafear, blei haldne opne for publikum kulturnatta. Programmet inneheldt omvisingar, dans, performance, foredrag, korsong og gjenstandsvurdering. Alle atelierane var opne, og her kunne ein lage sprettert-måleri, dansande skulpturar og smykke, og bygge høge tårn.

#### KOMPETANSEUTVIKLING INNANFOR FORMIDLING


Nasjonalmuseet er ansvarleg for det nasjonale museumsnettverket for kunstformidling. I 2011 blei det gjennomført *Komparativ analyse av basisutstillinger* i samarbeid med ti nordiske museum. Vidare inviterte Nasjonalmuseet til eit nettverkssamarbeid om *Norsk museumsvokabular og utstillingsregister* der ni museum tek del. Nasjonalmuseet gjennomfører i tillegg kvar år eit nasjonalt formidlingsseminar over to dagar. I 2011 var tema for seminaret formidling retta mot ungdom. Nasjonalmuseet inviterte til nettverksreise/produksjonsseminar til *Intensivdagar* i regi av Riksutstillingar på Gotland med 18 DKS-representantar frå tolv fylkeskommunar.


I forkant av utstillingane ved Nasjonalmuseet blir det gitt opplæring til formidlarar for utstillingane i Oslo og for utstillingane som turnerer i resten av landet. I samband med Nasjonalmuseet sine vandreutstillingar har museet hatt 22 opplæringsdagar til 48 formidlarar innanfor DKS og 19 opplæringsdagar til 65 formidlarar i gallerinettverket. Formidlarane har til saman halde 3 357 omvisingar. Museet har halde 25 foredrag eller innlegg om sitt landsdekkjande program på internasjonale og regionale samlingar.





*Tea Time på  
Nasjonalmuseet*





**B**iblioteket i Nasjonalmuseet er lei-  
ande i Norden innanfor fagområdet  
sitt og omfattar biblioteksamlingane i  
tidlegare Nasjonalgalleriet, Museet for  
samtidskunst, Kunstindustrimuseet,  
Arkitekturmuseet og Riksutstillingar.

I tillegg til å betene personalet ved  
museet blir biblioteket nytta av kunst-  
historikarar, studentar, skoleelevar og  
forskarar frå inn- og utland. Samlinga  
inneheld 165 054 trykte publikasjonar.  
Dette omfattar bøker, årbøker, utstil-  
lingskatalogar og auksjonskatalogar.  
Biblioteket abonnerte i 2011 på 210  
tidsskrift, katalogar frå 14 auksjonshus  
og sju referansedatabasar. Lysbilet-  
samlinga omfatta ved utgangen av året  
30 600 lysbilet.

### Verksemd

Forutan å hjelpe publikum og tilsette  
med litteratur og arkivmateriale i sam-  
band med utstillingsplanlegging,  
forskning, publisering og studium, har  
verksemda også i 2011 i stor grad vore  
retta mot arkivsamlingane. Arbeidet  
med å registrere dei omfattande arkiva  
til Nasjonalmuseet i databasen ASTA er  
ført vidare og presenterte på museet sin  
nettstad. Tolv av arkiva våre er gjorde  
tilgjengelege gjennom Arkivportalen,  
og 41 protokollar og kopibøker er digi-  
taliserte.

I 2011 tok biblioteket ved Nasjonal-  
museet over store delar av Henie-Onstad  
Kunstsenter si biblioteksamling. Den  
omfattande samlinga inneheld viktig  
kunsthistorisk materiale innanfor  
periodar og retningar der forskings-

biblioteket ved Nasjonalmuseet har  
manglar, særleg i tidsrommet 1960–  
1990. Gåva representerer ein svært  
viktig tilvekst til biblioteksamlingane  
våre samtidig som store ressursar no  
kan samlast og gjerast tilgjengelege på  
éin stad.

For å dokumentere og spreie kunn-  
skap om den vitskapelege publiseringa i  
regi av Nasjonalmuseet har biblioteket  
gjennom 2011 etablert formalisert  
samarbeid med Current Information  
System in Norway (CRISTIN). Dette  
fører Norsk vitskapsindeks vidare og er  
ein viktig formidlingskanal som museet  
kan nytte for å gjere den vitskapelege  
produksjonen sin kjend.

Biblioteket har i 2011 arbeidd aktivt  
for å bli deltakar i det internasjonale  
databasesamarbeidet artlibraries.net,  
tidlegare Virtueller Katalog Kunstge-  
schichte (VKK). Ei deltaking her vil  
bidra til å gjere publisert materiale om  
norsk kunsthistorie kjend for interna-  
sjonale forskingsmiljø.

Kontakten med Universitetet i Oslo og  
Høgskolen i Oslo og Akershus for å gi  
studentar omvisingar i og kunnskap  
om biblioteket og arkivsamlingane, er  
aktivt halden ved lag. Dette har ført til  
at fleire studentar nyttar tilboda ved  
biblioteket.

I 2011 blei biblioteket besøkt av 4 171  
personar, og det blei effektuert 20 338  
bokutlån over disk. Det har vore eit  
aukande tal førespurnader på e-post  
med spørsmål om biblioteket og arkiv-

samlingane gjennom året. Det blei i 2011  
teke imot 200 førespurnader som gjaldt  
arkivsamlingane. Det blei lånt ut 64  
publikasjonar til andre bibliotek og lånt  
inn 114 publikasjonar til bruk for tilsette  
i Nasjonalmuseet. Det blei lånt ut 2 057  
lysbilete. Biblioteket har hatt bytesam-  
band med 256 kunstinstitusjonar over  
heile verda.

### Nettverkssamarbeid med Nasjonal- biblioteket

Til Norsk samkatalog for bøker blei  
det sendt 2 480 referansar og til Norsk  
kunsthistorisk bibliografi 578 referan-  
sar.

### Tilvekst

Det blei i 2011 innlemma 2 386 nye bøker  
og utstillingskatalogar i biblioteket sine  
samlingar og teikna 15 nye abonnement  
på tidsskrift.





Samlingsforvaltning har som mål å ta vare på kulturarven for framtidige generasjonar og omfattar alle aktivitetar og tiltak som sikrar at samlingane blir tekne vare på, dokumenterte og gjorde tilgjengelege for allmenta i tråd med dei profesjonelle standardane som gjeld i dag.

## 7.1

### PROSJEKTRELATERT SAMLINGSARBEID

I tråd med den styregodkjende samlingsforvaltnings- og flyttestrategien (desember 2011) vil Nasjonalmuseet halde fram arbeidet med revisjon av samlingane sine (oppstart 2008) fram til vi flyttar inn i nye lokale på Vestbanen. Målet med revisjonsarbeidet er å klargjere samlingane til flytting og gjere delar av samlingane tilgjengelege for eit breitt publikum på digitaltmuseum.no. Revisjonsarbeidet inneber kvalitets-sikring av data i samlingsforvaltningssystemet Primus og fotografering av gjenstandane. I tillegg kjem tilstandsvurdering, nødkonservering, strekkodemerkning og pakking av gjenstandane. Revisjonsarbeidet inneber ofte transport av gjenstandar til og frå bygningar og til betre eigna magasineringslokale som museet disponerer.

Det er ein føresetnad å ha gjennomført samlingsrevisjonar for å kunne gjennomføre ei vellukka flytting av samlingane. Arbeidet vil sikre samlingane i flytteprosessen, auke kunnskapen om samlingane eksternt og internt, bidra

til å styrkje kompetansen om dokumentasjonsstandardar og oppgåver, styrkje samlingsforvaltningssystemet Primus og overvinne restansar.

### DigitaltMuseum og samlingsforvaltningssystemet Primus

Kulturministeren stod for den offisielle opninga då Nasjonalmuseet på nyåret i 2011 blei første kunstmuseum på digitaltmuseum.no. Nasjonalmuseet har vore rådgivande instans ved tilrettelegginga for kunstsamlingar på DigitaltMuseum. Museet har i 2011 også halde fram samarbeidet med KulturIT om å vidareutvikle funksjonalitet og tilpassing til internasjonale utvekslingsformat i Primus kunst.

Samlingsprosjekta i Nasjonalmuseet har produsert nye autoritetslister for å registrere biletkunst, arkitektur og design. Autoritetslistene sikrar og hevar kvaliteten på den digitale katalogen.

I 2011 gjorde Nasjonalmuseet si eiga registreringsrettlegging for kunst tilgjengeleg på Internett med tilvisingar til alt standardisert listeverk. Seinhausten 2011 konverterte Nasjonalmuseet The Robert Meyer Collection til Primus. Samlinga blei då tilgjengeleg med fotografi for dei tilsette ved Nasjonalmuseet. Museet blir brukt eksternt som rådgivande organ for utvikling og bruk av Primus og organiserer kurs for interne brukarar.

### Flytting og konsolidering av samlingane

Nasjonalmuseet arbeider kontinuerleg med å betre tilhøva i magasin innanfor eksisterande bygningsrammer og ut ifrå det som er mogleg i bygningane. Klima, temperatur og lysnivå blir registrert i alle magasinane og utstillingslokala. Det har ikkje vore gjennomført større samlingsbaserte flytteprosjekt i 2011. Alle flytteprosjekt blei avslutta i 2010. Derimot har museet konsolidert eksisterande magasin med å oppgradere innretingsløyser i eksterne magasinanelegg og arbeid med å optimalisere plass og leggje til rette for det store flytteprosjektet. Alle relevante gjenstandar som blir flytta inn i eksternt magasin, blir behandla med thermolignum varmebehandling for å fjerne eventuelle insekt før innflytting, slik at vi kan vere mest mogleg sikre på at magasinane er reine. I 2011 blei 2 986 verk flytta i samband med kontinuerlege oppdrag, utstillingsprosjekt, fryse- og varmebehandlingar – dette inkluderer ikkje interne flyttingar i same bygningen.



## SAMLINGSARBEID 2011

|   | Arkitektur-modellar       | Arkitektur-teikningar            | Arkitektur-fotografi | Teikning og grafikk | Møblar                             | Herrebø-fajanse   | Keramikk  | Tekstilar                         | Måleri                    | Skulpturar | Installasjonar | Fotografi |
|---|---------------------------|----------------------------------|----------------------|---------------------|------------------------------------|---|---|-----------------------------------|---------------------------|------------|----------------|-----------|
| Inventarisering   |                           |                                  |                      |                     |                                    |   |   |                                   | 10 (innkjøp og depositum) |            |                |           |
| Kvalitetssikring basisinformasjon i Primus                  | 41                        | 1237                             |                      | 5000                | 181 (KIM)<br>2 (ARK)               | 121 inv.nr.<br>(77 av dei enkeltobjekt, dei resterande 44 har 89 undernummer) | 326 inv.nr.<br>med 1166 undernummer<br>(delar av gjenstandar)                           | 602                               |                           |            |                |           |
| Katalogisering  | 41                        | 150                              |                      |                     |                                    |   |   |                                   |                           |            |                |           |
| Katalogisering innkjøp og gåver                             | 1                         | 67                               |                      |                     | 62                                 |   |   | 7                                 | 10                        |            |                |           |
| Katalogisering innkjøp og gåver til nettpublisering         |                           |                                  |                      |                     |                                    |   |   | 2                                 |                           |            |                |           |
| Katalogisering innkjøp og gåver restansar                   |                           |                                  |                      |                     |                                    |   |   |                                   |                           |            |                |           |
| Katalogisering innkjøp og gåver /publisering DigitaltMuseum | 41                        | 1237                             |                      | 3500                | 2 (ARK)                            |   |   | 25                                | 2200                      |            |                |           |
| Tilstandsdokumentasjon                                      | 49                        | 994                              | 418                  | 40                  | 160 (KIM)<br>+ 51 innkjøp og gåver | 121 inv.nr.<br>(77 av dei enkeltobjekt, dei resterande 44 har 89 undernummer) | 26 inv.nr.<br>med 312 undernummer<br>(9 enkeltobjekt og 17 inv.nr. med 303 undernummer) | 178                               |                           |            |                |           |
| Naudkonservering/konservering                               | 49                        | 994 + 2 449 (muggbehandling)     | 152                  | 40                  | 55 (KIM)<br>+ 54 innkjøp og gåver  |   |   |                                   |                           |            |                |           |
| Fotografering i tilknytning til konservering                |                           |                                  |                      |                     | 29 (KIM)<br>+ 2 innkjøp og gåver   |   |   | 169 (snapshots)                   |                           |            |                |           |
| Digitalfotografering (inkl. innkjøp og utlån)               | 402 opptak av 67 modellar | 1779 inkl. noko skanning av dias |                      | 2258                | 220                                |   | 307 (inkl. nokre detaljopptak)  | 619                               | 661                       | 14         | 39             | 173       |
| Scanning av dias  |                           |                                  |                      |                     |                                    |   |   | 85                                | 265                       |            |                |           |
| Ommontering   |                           |                                  |                      | 400                 |                                    |   |   |                                   |                           |            |                |           |
| Ompakking   | 49                        | 980                              | 27                   |                     |                                    |   |   | 297 (inkl. montering i nye esker) |                           |            |                |           |
| Pakking for flytting  |                           |                                  |                      |                     |                                    | 23 inv.nr.<br>(18 av dei enkeltobjekt, dei resterande 5 har 10 undernummer)   | 26 inv.nr.<br>med 312 undernummer<br>(9 enkeltobjekt og 17 inv.nr. med 303 undernummer) |                                   |                           |            |                |           |
| Innflytting i magasin                                       |                           |                                  |                      |                     |                                    | Same som over   | Same som over   |                                   |                           |            |                |           |



1

(1) Montering av utstillinga «Owen Jones og den islamske inspirasjonen» i Kunstindustrimuseet (2) Opphenging av måleri i stort format i Nasjonalgalleriet

2

I byggeprosjektet for Vestbanen ser vi at planlegging og allokering for framtidig volum har sine avgrensingar. Dette er ei vesentleg problemstilling som vi tek hand om ved å gjere gode val av innreiingsløyser og korleis vi magasinerer gjenstandane.

Nasjonalmuseet har i 2011 arbeidd vidare med å utvikle løysingar for eit fleksibelt og praktisk logistikk- og samlingsforvaltningssystem (NILS) for interne rutinar, samlingsrevisjonsarbeid og flytteprosess i perioden 2012 fram til innflytting på Vestbanen.

Nasjonalmuseet har gjennom deltaking i arbeidsgruppa CEN/TC 346/WG 5 – *Conservation of Cultural Property* vore med på å forme ut ein europeisk standard for å pakke og transportere kulturgjenstandar. Sluttdokumentet *FprEN15946 Conservation of Cultural Property – Packing Principles for transport* er no vedteke som europeisk standard.

## KONSERVERING 2011

|                               | Papir | Måleri | Gjenstand | Skulptur | Tekstil | Foto | AV |
|-------------------------------|-------|--------|-----------|----------|---------|------|----|
| <b>Tilstandsdokumentasjon</b> |       |        |           |          |         |      |    |
| Utlån                         | 154   | 105    | 112       | 7        | 242     | 3    | 4  |
| Innlån                        | 142   | 150    | 237       | 43       | 58      | 12   |    |
| Utstillingar                  | 161   | 220    | 84        |          |         | 12   | 3  |
| Deposita                      | 8     | 32     |           |          |         |      |    |
| Innkjøp og gåver              | 130   | 14     | 86        | 6        |         | 32   | 4  |
| Anna                          | 584   | 1      |           |          |         | 25   | 38 |

| <b>Behandling</b> |     |     |    |   |     |    |    |
|-------------------|-----|-----|----|---|-----|----|----|
| Utlån             | 28  | 106 | 20 | 1 | 1   |    | 4  |
| Innlån            | 59  | 123 |    | 6 | 29  |    |    |
| Utstillingar      | 330 | 160 |    |   | 27  | 4  |    |
| Deposita          | 8   | 28  |    |   |     | 10 |    |
| Innkjøp og gåver  | 65  | 14  |    |   |     | 3  | 4  |
| Fotografering     | 59  | 150 |    |   | 1   |    |    |
| Anna              | 452 | 1   | 2  |   | 351 |    | 38 |

(1) Museet sine konservatorar arbeider med eitt av hovudverka i samlinga, Édouard Manets *Fra Verdensutstillingen i Paris i 1867* (2) Konservatorar og logistikktilsette sikrar forvaringa av Edvard Munchs *Madonna* (3) Monteringsarbeid i utstillinga «Owen Jones og den islamske inspirasjonen» i Kunstindustrimuseet

### Bevaringsplan 2012–2016

Bevaring og dokumentering av samlingane er ei sentral prioritering i den overordna strategien for museet for 2011–2016. Museet reviderte i 2010 bevaringsplanen sin for tidsrommet 2009–2016. Planen er knytt til dei nærstående flyttingane til ny museumsbygning med integrerte magasin på Vestbanetomta. Bevaringsplanen heng tett saman med andre prosjekt museet har initiert og vil initiere i perioden 2012–2016: vidareutvikle samlingsforvaltningssystemet Primus kunst, utvikle Primus konserveringsmodul, vidareutvikle det logistiske systemet NILS, utbetre noverande magasin, samlingsprosjekt og bemanningsplan. Bevaringsplanen blei i mars 2011 godkjend av styret. Implementering er utsett til 2013.

### Konserveringstiltak

Konserveringstiltaka ved museet (sjå tabell s. 41) er knytte til utstillings-, utlåns- og innkjøpsverksemda og prioriteringane til museet. Konserveringsverksemda handlar også om å utvikle nye behandlingmetodar og forske på samlingane som museet har ansvar for. Nasjonalmuseet blei i april 2010 knytt til EU-prosjektet TeACH, der hensikta var å måle i kva grad utelufta inneheldt partiklar og gassar som verka nedbrytande på monument og gjenstandar med høg kulturhistorisk verdi. Samtidig vart temperatur og luftfukt logga kontinuerleg. Prosjektet blei avslutta i november 2011. Forskings- og konserveringsprosjektet på eitt av hovudverka i samlinga, Édouard Manets *Fra Verdensutstillingen*

*i Paris i 1867*, blei avslutta i 2011. Det blei arrangert eit internasjonalt forskingsseminar og laga ein kortfilm som dokumenterer konserveringsprosessen. Hendingane 22. juli involverte både konserverings- og logistikkseksjonane, som henta ut Nasjonalmuseet sine deponerte verk frå dei skadde bygningane. Det blei registrert skadar på i alt éin tekstil, åtte måleri og ni rammer.

### Fotografering og digitalisering

I 2011 har det særleg vore fokusert på samlingsarbeidet med digitalisering og fotografering av verk i samlingane. Det har også vore gjort mykje arbeid med skanning og kvalitetssikring av digitale filer i samband med at museet har satsa på å gjere samlingane tilgjengelege på DigitaltMuseum.

Samlingsarbeidet har i stor grad vore knytt til større prosjekt med fotografering og digitalisering av måleri av eldre norske kunstnarar, glas og keramikk, arkitekturteikningar, møblar, teikning, grafikk, arkitekturmodellar og tekstilar. Arbeidet med å fotograferare og digitalisere samlingane er godt i gang. I 2011 blei det utført 6 472 fotoopptak og 350 skanningar av verk i samband med samlings- og linjearbeid.

I 2011 blei det levert 770 digitale biletfiler frå biletbodyrået ved museet til eksterne kundar til bruk i kunst- og lærebøker, brosjyrar, kalenderar, plakatar, nettsider m.m. I tillegg behandla seksjonen 1 573 interne bestillingar med levering av om lag 12 600 digitale biletfiler frå biletbasen.












(1) Knut Åsdam, *Abyss*, 2010 (2) Snorre Ytterstad, *Downsized Workstation* (detalj), 2006 (3) Edward Burne-Jones og William Morris, *Abel* (detalj), 1872 (design), 1909 (produksjon)



Kunst), 2011, NMK.2011.0319  
· Tom Gundersen, *Jon Fosse*, grafisk blad, 2010, NMK.2011.0167  
· Ingebjørg Une Hagen, *Sverm II*, collage, NMK.2011.0146  
· Tore Hansen, *I granskogen*, grafisk blad, 2010, NMK.2011.0230  
· Marine Hugonnier, *Travelling Amazonia*, video, ed. 3/6, varighet 23:52 min., 2006, NMK.2011.0224  
· Torgeir Husevaag, *Fluktruter*, teikning, 2010, NMK.2011.0144  
· Torgeir Husevaag, *Møteplasser*, teikning, 2010, NMK.2011.0145  
· Marte Johnsen, *Forente Nyanser*, installasjon, 2009–2011, NMK.2011.0294  
· Ola Jonsrud, *Eating Pattern*, grafisk blad, 2010, NMK.2011.0123  
· Isaac Julien, *Ten Thousand Waves*, niskjerms filminstallasjon, ed. 2/6, varighet 49:41 min., 2010, NMK.2011.0002  
· Irma Salo Jæger, dokumentasjonsmodell til *Blikk*, 2005, NMK.2011.0164  
· Runo Lagomarsino, *We all laughed at Christopher Columbus*, installasjon/skulptur, ed. 1/3, 2003, NMK.2011.0293  
· Louise Lawler, *Untitled (Oslo)*, skulptur (papirvekt), ed. 6/10, 1993–95, NMK.2011.0147 (erstatningsverk)  
· Oddvar Løkse, *Finalister*, teikning, 2010, NMK.2011.0148  
· Mikkel McAlinden, *Jim, Baghdad, Iraq, Memorial Day*, fotografi, 2009, NMK.2011.0299  
· Mikkel McAlinden, *On Patrol, Iraq*, fotografi, 2009, NMK.2011.0298  
· Ole Jørgen Ness, *Indian Ocean*, teikning, ed. 1, 2010–2011, NMK.2011.0304  
· Ed Ruscha, 25 fotografi frå serien «Apartment Houses», ed. 3/8, 1965/2003, NMK.2011.0198–NMK.2011.0222  
· Aase Texmon Rygh, *RELIEF 1*, skulptur, 1970–71, NMK.2011.0306  
· Aase Texmon Rygh, *RELIEF 2*, skulptur, 1970–71, NMK.2011.0307  
· Aase Texmon Rygh, *RELIEF 3*, skulptur, 1970–71, NMK.2011.0308  
· Aase Texmon Rygh, *STABILE II*, skulptur, ed. 2, 1971–72, NMK.2011.0309

· Aase Texmon Rygh, *STABILE IV*, skulptur, ed. 3, 2010, NMK.2011.0310  
· Aase Texmon Rygh, *TRIOLE YELLOW*, skulptur, unikat, 1971, NMK.2011.0311  
· Arne Bendik Sjur, *Lille bror og søster (selvportrett)*, grafisk blad, 2010, NMK.2011.0120  
· Arne Bendik Sjur, *Den stolte hane*, grafisk blad, 2010, NMK.2011.0121  
· Vibeke Slyngstad, *Mies van der Rohe paviljong III*, måleri, 2011, NMK.2011.0292  
· Tone Vigeland, *Skulptur I*, skulpturverk, 2010, NMK.2010.0171  
· Snorre Ytterstad, *Study of the Red Square: Painterly Realism of a Peasant Woman in Two Dimensions*, måleri, 2011, NMK.2011.0231  
· Snorre Ytterstad, *Downsized Workstation*, skulptur, 2006, NMK.2011.0232  
· Knut Åsdam, *Abyss*, video, varighet 43 min., 2010, NMK.2011.0235

#### Design og kunsthåndverk

· Torbjørn Afdal, karmstol, *Nestor*, for Raknes Møbelfabrikk, teak og originalt ullstoff, 1958, NMK.2011.0004  
· Torbjørn Anderssen, karmstol, *Konrad*, for Norway Says, laminert eik, olja overflate, 2001, NMK.2011.0165  
· Torbjørn Anderssen og Espen Voll, stablestol, *Konrad*, for Lapalma, Italia, bøk med dekkfinér i ask, beisa og lakkert, 2011, gåve frå Lapalma, Italia, NMK.2011.0166  
· May Bente Aronsen, tekstil, *Stretched*, skoren filt, 2011, NMK.2011.0149  
· Sigurd Bronger, halsband, *Diamant halsbånd*, diamantveske, plast og gummi, 2007, gåve frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, NMK.2011.0197  
· Friedemann Buehler, krukke, skoren eik, 2011, NMK.2011.0295  
· Edward Burne-Jones og William Morris, vinduspanel, *Abel*, for Morris & Company, London, blyglas, 1872 (design), 1909 (produksjon), NMK.2011.0303  
· Enrico Ciuti, Marco Del Corno, utstillingsplakat, *Decima Triennale di Milano*, papir, 1954, NMK.2011.0290  
· Jim Darbu, installasjon, *Antagonistene*, tre keramikkskulpturar kopla saman med eit nett i gevira på figurane, 2011, gåve frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, NMK.2011.0196  
· Jean-Louis Domecq, arbeidslampe, *Standard*, for Jieldé, Frankrike, lakkert metall, 1950 (design), 1953 (produksjon), NMK.2011.0233  
· Sven Ivar Dysthe, lenestol, *1001 AF*, for Dokka Møbler, riopalisander, stål og oksehud, 1960, NMK.2011.0134  
· Sven Ivar Dysthe, kvilestol med fotskammel, *1001 Recliner*, for Dokka Møbler, riopalisander, stål og oksehud, 1961, NMK.2011.0127  
· Sven Ivar Dysthe, sjefskrivebord og arkivskap/skjenk, *3001*, for Dokka Møbler, riopalisander, pleksiglass og oksehud, 1961, NMK.2011.0132  
· Sven Ivar Dysthe, lenestol, *5001*, for Dokka Møbler, stål og oksehud, 1962, NMK.2011.0131  
· Sven Ivar Dysthe, veggglampe, *Butterfly*, for Arnold Wiigs fabrikker, Halden, messing, 1963, NMK.2011.0129  
· Sven Ivar Dysthe, serveringsvogn, *Idebo*, for Olav Revheim Møbelfabrikk, teak, 1968, NMK.2011.0128  
· Sven Ivar Dysthe, lenestol, *Laminat*, for Møre Lenestolfabrikk, formbøyd tre og ullstoff, 1964, NMK.2011.0130  
· Sven Ivar Dysthe, svingstol, *Planet*, for Møre Lenestolfabrikk, formpressa styropor, stål, teak og kunstskinn, 1965, NMK.2011.0133  
· Sven Ivar Dysthe, golvur, *Tyritre*, for Ål Treindustri, tyrifur og messing, 1970, NMK.2011.0126  
· Tias Eckhoff, kaffekanne, for Halden Aluminiumsvarefabrikk, eloksert aluminium og makrolon (hankar og lokk), 1958, NMK.2011.0009  
· Fell & Co, England, kopp med skål, flintgods med handmåla dekor, 1840–50, gåve frå Anna Lisa Grønbech, Oslo, NMK.2011.0169  
· Kristine Fornes, veggtekstil, *Furu, furu, gran og gran*, broderi på brukte lerretstykker, 2011, gåve frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, NMK.2011.0315





- Konrad Galaaen, lampe, *Spirependel*, for Porsgrunds Porselænsfabrik, porselen, ca. 1953, NMK.2011.0291
- Nora Gulbrandsen, lokkvase, for Porsgrunds Porselænsfabrik, handmåla porselen, 1928, gave frå Bodil With-Knudsen, København, NMK.2011.0229
- Hadeland Glassverk, 2 taklamper, skjersliping, støypt messing, ca. 1914–1920, NMK.2011.0300–NMK.2011.0301
- Finn Hald, skulptur, *Uten tittel*, modellert steingods, 2009, gave frå Christine Hald og · Anne Borg, Hvitsten, NMK.2011.0015
- Frida Hansen, portiere, 1 lengde, bildevev i gobelinteknikk, ullinnslag på bomullsrenning, 1894, gave frå Henrik Sundt, Lommedalen, NMK.2011.0257
- Steinar Hindenes og Dave Vikøren (Circus), kontorstol, *Getz*, for Fora Form, Ørsta, formbøygde trelaminat, ull og stål, gave frå Fora Form, Ørsta, 2004, NMK.2011.0136
- Steinar Hindenes, Atle Tveit og Lars Tørnøe, stol, *Bone*, for Materia, Sverige, formpressa plast, brunt lær og stål, 2009, gave frå Materia, Sverige, NMK.2011.0142
- Bjørn Inanke, armstol, *New Dehli*, for Hans Sundt Monrad & Co, mahogni og hestehår, 1959, NMK.2011.0010
- Karin Johansson, brosjje, *Island*, oksidert sølv og emalje, 2010, NMK.2011.0007
- Wilhelm Jordan og Antonio Paoli, bord, skore og finert nøttetre og scagliola-plate, 1899, NMK.2011.0305
- Kitty Kielland, djup tallerken, *Bekkeblom*, for Egersunds Fayancefabrik, konturtrykk med emaljemaaling, 1900, gave frå Inger Johanne Kinck, Oslo, NMK.2011.0228
- Grete Prytz (Kittelsen) og Arne Korsmo, kabaretfat *Lazy Susan*, tre og metall, 1954, testamentarisk gave frå Grete Prytz Kittelsen, Oslo, NMK.2011.0237
- Grete Prytz (Kittelsen) og Arne Korsmo, 2 høge lysestakar, sølv, 1954, testamentarisk gave frå Grete Prytz Kittelsen, Oslo, NMK.2011.0238–NMK.2011.0239
- Grete Prytz (Kittelsen) og Arne Korsmo, 7 avlange skåler til sild, porselen, 1954, testamentarisk gave frå Grete Prytz Kittelsen, Oslo, NMK.2011.0240–NMK.2011.0246
- Grete Prytz (Kittelsen) og Arne Korsmo, 3 rektangulære tallerkenar, porselen, 1954, testamentarisk gave frå Grete Prytz Kittelsen, Oslo, NMK.2011.0247–NMK.2011.0249
- Grete Prytz (Kittelsen) og Arne Korsmo, 3 mokkaoppar med underskål, porselen, 1954, testamentarisk gave frå Grete Prytz Kittelsen, Oslo, NMK.2011.0250–NMK.2011.0252
- Grete Prytz Kittelsen og Paolo Venini, collier, unikat, for J. Tostrup, Oslo, sterling-sølv og klårt, kvitt, grått og oransje filigransglas, 1958, NMK.2011.0265
- Grete Prytz Kittelsen og Paolo Venini, halssmykke, for Venini, Murano og J. Tostrup, Oslo, sølv og glas, 1958–59, gave frå Grete Prytz Kittelsens dødsbu, Oslo, NMK.2011.0274
- Grete Prytz Kittelsen, grøn og kvit skål, Japan, kopar og opakemalje, 1958, NMK.2011.0005
- Grete Prytz Kittelsen, blå og kvit skål, Japan, kopar og opakemalje, 1958, NMK.2011.0016
- Grete Prytz Kittelsen, blå og kvit skål, Japan, kopar og opakemalje, 1958, NMK.2011.0017
- Grete Prytz Kittelsen, brosjje, *Med speil*, for J. Tostrup, Oslo, sølv, skravert, 1953, gave frå Grete Prytz Kittelsens dødsbu, Oslo, NMK.2011.0269
- Grete Prytz Kittelsen, tremodell for 2 delar kombibestikk i plast, tre og plast, 1980, gave frå Grete Prytz Kittelsens dødsbu, Oslo, NMK.2011.0270
- Grete Prytz Kittelsen, liten tallerken, for Cathrineholm A/S, Halden, stål og opakemalje, mellomblå, 1955, gave frå Grete Prytz Kittelsens dødsbu, Oslo, NMK.2011.0271
- Grete Prytz Kittelsen, liten tallerken, for Cathrineholm A/S, Halden, stål og opakemalje, lys grøn, 1955, gave frå Grete Prytz Kittelsens dødsbu, Oslo, NMK.2011.0272
- Grete Prytz Kittelsen, Venini Murano, eit par øyresmykke, for J. Tostrup, Oslo, sølv og glas, 1958–59, gave frå Grete Prytz Kittelsens dødsbu, Oslo, NMK.2011.0273
- Vidar Koksvik, vase, glas, 2011, gave frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, NMK.2011.0259
- Archibald Knox, notisbokomslag, *Jotter*, for W. H. Hassler for Liberty & Co, London, sterlingsølv med fleirfarga emalje over drive dekorfelt, 1904–05, NMK.2011.0289
- Arne Korsmo, brødristar, for J. Tostrup, Oslo, sølv og ibenholt, 1955, NMK.2011.0236
- Arne Korsmo og Jørn Utzon, 4 drikkeglas, for Riihimäki glassverk, Finland, 1954, testamentarisk gave frå Grete Prytz Kittelsen, Oslo, NMK.2011.0253–NMK.2011.0256
- Arne Korsmo og Grete Prytz Kittelsen, kaffitruktar, unikat, for J. Tostrup, Oslo, sterlingsølv med oransje og blå speilemalje over frest botn, ca. 1954, NMK.2011.0262
- Arne Korsmo og Grete Prytz Kittelsen, fløyte/sukkerservise som består av fløytemugge og sukkerkopp med fat, stål, og kvit og svart opakemalje, for Cathrineholm A/S, Halden, antakeleg formgitt i 1955 og utført i 2 utgaver, NMK.2011.0263
- Arne Korsmo og Grete Prytz Kittelsen, *Pingvin*, for J. Tostrup, Oslo, salt- og peppararbøsser, formgitt, sterlingsølv med ravfarga og kvit emalje, ca. 1955, NMK.2011.0264
- Heinrich Gottlieb Köhler, glaspokal, for Hurdal Glassverk, gravert glas, 1781, gave frå Venefforeningen for Kunstindustri-museet i Oslo, NMK.2011.0297
- Kussiis Jernvarefabrik, bord, antakeleg modell nr. 12, stålrørsstativ med måla treplater, ca. 1935–37, gave frå Jannicke Wist Aga, Jar, NMK.2011.0314
- Hans Stoltenberg Lerche, vase, støypt bronse, 1892, NMK.2011.0302
- Erik Magnussen, stablestol, *Chairik 100*, for Engelbrechts, Danmark, stål og oransje plast, 2000, gave frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0275
- Erik Magnussen, stablestol med lene, *Chairik 100*, for Engelbrechts, Danmark, farga tre og stål, 2000, gave frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0276
- Erik Magnussen, kanne med tut og sidehandtak frå serviset 679, for Bing & Grøndal, Danmark, støypt i steintøy, okseblodglasur, 1965, gave frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0288

- Erik Magnussen, stablestol, *Plasma*, for Engelbrechts, Danmark, stål og lys grå plast, 2002, gåve frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0279
- Erik Magnussen, stablestol med armlene, *Plasma*, for Engelbrechts, Danmark, stål og beige-, oransje- og limefarga plast, 2002, gåve frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0280
- Erik Magnussen, tekanne, *Moojo*, støypt, glasert porselen, turkis, 2007, gåve frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0286
- Erik Magnussen, tekanne, *Moojo*, støypt, glasert porselen, kvit, 2007, gåve frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0287
- Erik Magnussen, tesett som består av tekanne, sukkerskål, fløytemugge og brett, for Royal Selangor i Kuala Lumpur, Malaysia, tinn, hanken på kanna er i rotting, 1986, gåve frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0285
- Erik Magnussen, veggur, for Georg Christensen Urfabrik, Danmark, eloksert aluminium og glas, 1978, gåve frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0284
- Erik Magnussen, lenestol, *Yoga*, for Clauser, Danmark, stål og lær, 2005, gåve frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0278
- Erik Magnussen, klappstol, *Zdown*, for Engelbrechts, Danmark, stålør og svart lær, 2003, gåve frå Erik Magnussen, Danmark, NMK.2011.0277
- Carol McNicoll, objekt/opsats, *City Scape*, støypt porselen og brett av plett, 2011, gåve frå Venneforeningen for Kunstindustrimuseet i Oslo, NMK.2011.0312
- Anne-Marie Backer Mohr, bolle, dreidd leirgods, delvis dekt av blyglasur, 1960-åra, gåve frå Bjart Mohr, Oslo, NMK.2011.0176
- Anne-Marie Backer Mohr, bolle, porselen med celadon, ca. 1980, gåve frå Bjart Mohr, Oslo, NMK.2011.0178
- Anne-Marie Backer Mohr, bolle, porselen med askeglasur, slutten av 1990-åra, gåve frå Bjart Mohr, Oslo, NMK.2011.0180
- Anne-Marie Backer Mohr, dåse, dreidd leirgods med blyglasur og begitning, 1960-åra, gåve frå Bjart Mohr, Oslo, NMK.2011.0177
- Anne-Marie Backer Mohr, dåse, porselen med askeglasur, slutten av 1990-åra, gåve frå Bjart Mohr, Oslo, NMK.2011.0181
- Anne-Marie Backer Mohr, fat, porselen, 1990-åra, gåve frå Bjart Mohr, Oslo, NMK.2011.0179
- Gerhard Munthe, Johan Borgersen (tre-skjerar), bilderelieff, *Blodtaarnet*, skore tre, 1896, NMK.2011.0154
- Hermann Munthe-Kaas, stol, modell F-17, *Folkestolen*, for Christiania Jernsengfabrik, stålørskonstruksjon med metallfjører i setet, armlene i tre og puter av tekstil, 1929 (design), gåve frå Jannicke Wist Aga, Jar, NMK.2011.0320
- Georg Nelson, sidebord, modell 4950, for Herman Miller Furniture Co, USA, understell i forkromma stål, bordplate i valnøtt, antakeleg 1950, NMK.2011.0267
- Hans Olsen, kvilestol, *Skallstol no. 134*, for N. Jørgensens Møbelfabrikk, Danmark, formbøyd teak og originalt ullstoff, 1955, NMK.2011.0003
- Karen Pontoppidan, brosjé, sølv, 2010, NMK.2011.0006
- James Prestini, USA, fat og skåler (4 delar), merket *Prestini*, dreidd i tre, valnøtt, ca. 1950, NMK.2011.0266
- Jacob Prytz, smykkegarnityr som består av øyredobbar, armband og halssmykke, gåve frå familien til Grete Prytz Kittelsen, Oslo, NMK.2011.0268
- Hans Hamid Rasmussen, dekorativ tekstil, *Hemmelige samtaler i sentrum av Alger by*, brodert silke, 2008, gåve frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, NMK.2011.0258
- Inger Johanne Rasmussen, dekorativ tekstil, *Øvestykke*, intarsiabroderi, ull og vliselin, gåve frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, 2010, NMK.2011.0158
- John K. Raustein, dekorativ tekstil, *Tetrapode 960.560.11*, maskinsydd, falda og bretta av maskinvove bomullsstoff i toskafbinding, 2011, gåve frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, NMK.2011.0143
- Heidi Sand, halssmykke, *Clarified*, messing og Formica ColourCore (plast), 2011, gåve frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, NMK.2011.0188
- Paul Scott, fat, *A Willow for Ai Weiwei*, fajanse og dekal, 2011, gåve frå Venneforeningen for Kunstindustrimuseet i Oslo, NMK.2011.0313
- Aud Charlotte Ho Sook Sinding, *Forbudne frukt med eple*, halskjede, silikon, sølv og plast, 2007-2008, NMK.2011.0184
- Kristi Skintveit og Else Carla Andersen, antrekk som består av kjole og kåpe, maskin- og handsydd av handvove ullstoff i toskafbinding og samansett kypert, kunstsilkefôr, glidelåsar i metall og plast, metallhekte, ca. 1970, gåve frå Grete Prytz Kittelsens dødsbu, Oslo, NMK.2011.0013
- Linda Steen og Lena Axelsson, kvilestol med fotskammel, *Spinnaker*, for Hødnebø AS, Akland, stål, karbonfiber, resirkulert lerret frå eit segl, vippemekanisme, 2005, gåve frå Hødnebø AS, Akland, NMK.2011.0155
- Jonas Ravlo Stokke og Øystein Austad, lenestol, *RSVP*, for Casamania, Italia, formpressa plast, tekstil, 2008, gåve frå Casamania, Italia, NMK.2011.0141
- Anne Line Sund, keramisk arbeid, *Hos skogens gull*, keramikk med kvit krympeglasur, 2011, gåve frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, NMK.2011.0194
- Geir Sætveit, lenestol, *Fly Me*, for Martela, Finland, formpressa plast, ull og stål, 2008, gåve frå Geir Sætveit, Bergen, NMK.2011.0137
- Geir Sætveit, lenestol, *Skybar*, for Martela, Finland, formpressa plast og stål, 2008, gåve frå Geir Sætveit, Bergen, NMK.2011.0138
- Oskar Sørensen, bordur, for J. Tostrup, Oslo, transparent blå emalje med gullpunkt, guillochering, forgylt sølv og marmor, 1953, testamentarisk gåve frå Johanne Sophie Mørch Prytz, Oslo, NMK.2011.0227
- Lars Tornøe, lenestol, *Copenhagen*, for Fora Form, Ørsta, formpressa laminat, ullstoff og stålør, 2008, gåve frå Fora Form, Ørsta, NMK.2011.0135
- Tarja Tuupainen, brosjé, sølv og cacholongstein, 2010, NMK.2011.0008
- Atle Tveit og Lars Tornøe, stol, *Clint*, for

(1) Alexis de Chateaufeuf, *Vor Frelsers Kirke* (utstnitt), 1848

(2) Haugen/Zohar Arkitekter, modellbyggjar Loft 33  
Arkitekter, *Bålplass for barn*, 2010

(3) May Bente Aronsen, *Stretched*, 2011

1

2

3

Fora Form, Ørsta, formpressa plast, stål og ull, 2009, gåve frå Fora Form, Ørsta, NMK.2011.0139

- Ukjend designar, stol, antakeleg for Arthur Liberty & Co, London, tre, perlemor, metall, fløyel, ca. 1885, NMK.2011.0001
- Ukjend kunstnar/produsent, asjett (dekor ofte kalla Thorvaldsens frise), porselen med emaljert trykkdekor, 1860–1890, gåve frå Anna Lisa Grønbech, Oslo, NMK.2011.0168
- Ukjend designar og Grete Prytz Kittelsen, kjole, maskin- og handsydd av maskinvovne stoff i silke, kunstsilke, bomull og vliselin, knappar i sølv og emalje, antakeleg ca. 1960, gåve frå Grete Prytz Kittelsens dødsbu, Oslo, NMK.2011.0014
- Ukjend kunstnar, engelsk skatoll, mahogni, buksbom, furu, ibenholt, messing, elfenbein, spegelglas og fløyel, ca. 1780–90, testamentarisk gåve frå Eva Jespersen, Oslo, NMK.2011.0187
- Ukjend kunstnar, brudeteppe, brodert og applikert silke, Danmark, 1712–1740, NMK.2011.0190
- Pål Vigeland, metallobjekt, *Makrell i stim*, kule laga av makrellboksar, 2010, gåve frå Innkjøpsfondet for Norsk Kunsthåndverk, NMK.2011.0195
- Hanna Visund, bonbonniere, for J. Tostrup, Oslo, guiljochering, blå transparent emalje, sølv, 1936, testamentarisk gåve frå Johanne Sophie Mørch Prytz, Oslo, NMK.2011.0226
- Wilson, England, kopp med skål, flintgods med trykkdekor, ca. 1840–50, gåve frå Anna Lisa Grønbech, Oslo, NMK.2011.0170
- Tapio Wirkkala, lyspære, for Airam Ab, Helsinki, kvitt glas og metall, 1959, NMK.2011.0234
- Per Øie, stol, *Move*, for Variér, Skodje, formpressa plast, stål og grøn ull, 1985, gåve frå Variér, Skodje, NMK.2011.0140

## Arkitektur

- Askim/Lantto Arkitekter MNAL AS, modellbyggjar Oslo Modellverksted, *Besøksenter Borgund stavkirke, Lærdal*, arkitekturmodell, 2006, gåve frå Utanriksdepartementet, Oslo, NMK.2011.0172
- Georg Eliassen, 32 teikningar frå studietida på Kristiania Tekniske Skole (KTS) og Kungliga Tekniska högskolan (KTH), 1898–1905, gåve frå Trond Eliassen, Oslo, NMK.2011.0192
- Stein Halvorsen Arkitekter AS og Christian Sundby, modellbyggjar Stein Halvorsen Arkitekter AS, *Sametinget*, arkitekturmodell, 2006, gåve frå Utanriksdepartementet, Oslo, NMK.2011.0171
- Andreas Friedrich Wilhelm von Hanno, ca. 10 arkitekturteikningar/akvarellar, 1800-talet, gåve frå Eva von Hanno, Oslo, NMK.2011.0012
- Haugen/Zohar Arkitekter, modellbyggjar Loft 33 Arkitekter, *Bålplass for barn*, arkitekturmodell, 2010, NMK.2011.0191
- Helen og Hard AS, modellbyggjar Arnfinn Sivertsen Modellverksted, *Boliger på Buøy, Stavanger*, arkitekturmodell, 2006, gåve frå Utanriksdepartementet, Oslo, NMK.2011.0173
- Nils Holter, 4 konkurranseutkast (*Utkast til posthus i Bergen*, 1937, *Utkast til tinghus i Namsos*, 1949, *Utkast til ombygging av Stortingsbygningen*, 1949, *Utkast til Dovregården*, 1951) og 21 glasdias, gåve frå Magnus Eikrem Rynning-Tønnesen, Jar, NMK.2011.0156
- Kristin Jarmund Arkitekter AS, modellbyggjar Oslo Modellverksted, *Råholt skole*, arkitekturmodell, 2006, gåve frå Utanriksdepartementet, Oslo, NMK.2011.0175
- Louis Kloster, *Norges Bank i Stavanger*, (vann konkurranse i 1960), gjenstand (detalj av vindaugsomramminga), gåve frå familien ved Inger Kloster Osmundsen, Stavanger, NMK.2011.0281
- Louis Kloster, *Norges Bank i Stavanger*, (vann konkurranse i 1960), teikningar, gåve frå familien ved Inger Kloster Osmundsen, Stavanger, NMK.2011.0282
- Louis Kloster, *Norges Bank i Stavanger*, (vann konkurranse i 1960), fotografi, gåve

frå familien ved Inger Kloster Osmundsen, Stavanger, NMK.2011.0283

- Thilo Schoder, tilvekst til arkiv etter arkitekt Thilo Schoders praksis i Tyskland og Noreg, 200 teikningar, gåve frå Mette Schoder, Kristiansand, NMK.2011.0157
- Vulkan arkitekter AS, modellbyggjar Frogner Modellverksted, *Hålogaland teater*, arkitekturmodell, 2006, gåve frå Utanriksdepartementet, Oslo, NMK.2011.0174

## Deposita

- Harriet Backer, *I borgstuen*, 1877, måleri, depositum frå privat eigar, NMK.DEP.2011.0005
- Olav Chr. Jenssen, *Accredited* frå serien «Lack of Memory», måleri, 1990–92, depositum frå privat eigar, NMK.DEP.2011.0007
- Olav Chr. Jenssen, *Reminiscence* frå serien «Lack of Memory», måleri, 1990–92, depositum frå privat eigar, NMK.DEP.2011.0008
- Gabriele Münter, *Havnen i Narvik*, måleri, udatert (ca. 1906), depositum frå Sparebankstiftelsen DNB NOR, NMK.DEP.2011.0001
- Axel Revold, *Atelier, Paris*, måleri, 1919–1920, depositum frå privat eigar, NMK.DEP.2011.0006
- Christian Rohlf's, *Hus med rødt tak*, måleri, 1912, depositum frå Sparebankstiftelsen DNB NOR, NMK.DEP.2011.0009
- Tizian og verksted, *Danae*, måleri, udatert (1500-talet), depositum frå privat eigar, NMK.DEP.2011.0010
- Marijke van Warmerdam, *Traces 2*, silke-trykk, 2010, depositum frå Sparebankstiftelsen DNB NOR, NMK.DEP.2011.0002
- Marijke van Warmerdam, *Traces 4*, silke-trykk, 2010, depositum frå Sparebankstiftelsen DNB NOR, NMK.DEP.2011.0003
- Marijke van Warmerdam, *Traces 8*, silke-trykk, 2010, depositum frå Sparebankstiftelsen DNB NOR, NMK.DEP.2011.0004





